



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 19.11.2024
Tid: Kl. 08:15 - 14:10

Følgjande medlemmer møtte

Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Morten Mortensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Knut Robert Knutsen	Kinn Rødt
Hilmar Eliasson	Kinn V

Forfall

Miriam Johanne Nesje
Elisabeth Halsne

Parti

Kinn FrP
Kinn SP

Varamedlem

Ronny Magnussen

Parti

Kinn SP

Frå administrasjonen møtte:

Runa Nybakk, kommunalsjef
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Anita Solbakken, tenesteleiar
Margit Drivenes Kløvfjell, rådgjevar


8 stemmeberettiga i møtet.

Måløy, 20.11.2024

Hilmar Eliasson
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
070/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
071/24	Godkjenning av møteprotokoll
072/24	Refererte skriv og meldingar
073/24	Utforming av ordførarkjede
074/24	Godkjenning av delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga mellom Helse Førde og Kinn kommune
075/24	Temaplan for oppvekst 2022-2034- endeleg handsaming
076/24	Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi
077/24	Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028, innspel frå utval og råd
078/24	Spørsmål/Interpellasjonar



Saksnr.	Utval	Møtedato
070/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

OPKUV- 070/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 070/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
071/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024

Godkjenning av møteprotokoll

OPKUV- 071/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 071/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Oppvekst- og kulturutvalet - 12.11.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
072/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024

Refererte skriv og meldingar

OPKUV- 072/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Røsyting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.


OPKUV- 072/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

038/24, Møtebok for samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet på Raudeberg skule
30.10.2024

039/24, Sak frå FAU Krokane skule - Nei til nedlegging av Krokane skule på feil grunnlag



Saksnr.	Utval	Møtedato
073/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024

Utforming av ordførarkjede

OPKUV- 073/24 Vedtak:

1. Utforminga av ordførarkjedet er i prosess. Endeleg utforming vil skje etter at val av symbol er godkjende av Oppvekst- og kultutvalet.
2. Kommunevåpen på bakside, erstatter bærekraftsmål 2) Sildene beholdes 3) Fyrtårn ok 4) Kinnaklova erstatter mosaikken 5) Ornament utgår, legger tannhjul inn. Ad hoc-utvalet får mandat til å sjå på erstatning for tannhjul. Alle symbol skal være uten farge utenom kommunevåpen.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å fullføre prosessen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Utforminga av ordførarkjedet er i prosess. Endeleg utforming vil skje etter at val av symbol er godkjende av Oppvekst- og kultutvalet.
2. Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner skissa slik dette kjem fram i saka.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å fullføre prosessen.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret sette av midlar til utforming og produksjon av ordførarkjede i investeringsbudsjettet for 24.

I sak 033/24 den 28.05.24 gjorde Oppvekst- og kulturutvalet slikt vedtak:

1. Prosessreiskapen frå vedtekne retningsliner for kunst i offentleg bygg og
uterom i Kinn vert nytta i arbeidet med ordførarkjede for Kinn kommune.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å lyse ut ein lukka konkurranse for
utforming og produksjon av ordførarkjede.
3. Konkurransen går ut til tre namngjeve grupper av smykkekonstnarar/
designarar/produksjonsledd. Dei som blir inviterte med må ha erfaring frå før
av på utforming og produksjon av ordførarkjeder.
4. Utlysinga skjer i tråd med lokale retningsliner, innkjøpsregelverk og
kravspesifikasjon omtalt i saka.
5. Kvar av tilbydarane mottek eit honorar på kr 10 000 for oppdraget. Dekning

over investeringsramma til prosjektet.

I sak 061/24 den 01.10.24 gjorde Oppvekst- og kulturutvalet deretter slikt vedtak:

1. Oppvekst- og kulturutvalet vel Fjordsylv til å utforme og produsere ordførarkjede for Kinn kommune, med utgangspunkt i skisse - alternativ 3.
2. Kommunedirektøren føl opp det vidare arbeidet.
3. Oppvekst- og kulturutvalet /adhoc-utvalet får undervegsorientering om status i møte i november.

Adhoc-utvalet spring ut av Oppvekst- og kulturutvalet. I adhoc-utvalet sit Aud Norunn Vig (Krf), Knut Robert Knutsen (Raudt) og Tor Åge Gravdal, (Ap).

Saksopplysningar:

Fjordsylv har etter vedtaket i oktober gått vidare med å teikne ut kjedet. Dette har skjedd i tett dialog med administrasjonen og etter innspel frå adhocutvalet. Skisser er levert og deretter gjennomgått med adhocutvalet 24.10. og 07.11. Fjordsylv deltok i tillegg i møtet 07.11.

I kravspesifikasjonen til oppdraget står det at symbola skal representere

- historia vår/kulturminne frå kommunen
- særmerkte naturformasjonar og landemerke
- nærings- og kulturliv, i fortid, samtid og framtid

Oppvekst- og kulturutvalet skal no ta stilling til val av symbol, og i forslaget ligg:

Framme: Kommunevåpenet «Baugen»	Kommunevåpenet er eit abstrakt symbol på baugen av ein båt, og kan førestille ei bølge, ei klippe, ein spydspiss, eller det den enkelte ser
Fisk	Florø og Måløy med omegn er grunnlagt på silda, og fiskeri utgjør ei viktig næring også i dag
Fyrtårn	Som symbol for kulturarven men også på ny aktivitet, her representert med Skongenes fyr. Symbol på håp, gje retning
Mosaikk	Som symbol for samarbeid, fellesskap, mangfald
Båtpropell	Som symbol for det maritime og det marine, i fortid, notid og framtid
Helleristning	Som symbol for historia vår. Her representert med helleristningsfigur av hjort frå Ausevik
Ornament	Som symbol for kulturminne i kommunen, her representert med ei utsmykking frå middelalderkyrkja på Kinn
Tønne	Som symbol for nærings- og kulturliv i fortid og notid, her representert med ei tønne frå Hagevik. Nyttårstradisjonen Kjippen tek fortida inn i notida
Særmerkt naturformasjon	Her representert med Kannesteinen
Notar	Som symbol for kulturlivet, her representert med notar frå «Skjønner du by»
Bak: FN sin berekraftsirkel	Symbol for verda si felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov utan å øydelegge mulighetene for at komande generasjonar skal få dekke sine behov.

Symbolbeskrivingane er ikkje uttømmende.

I konseptet til Fjordsylv ligg at det vil vere dei same symbola på begge sider av kjedet.

Ordførarkjedet vil bli laga i blankt sølv 925. Som hovudgrep vil symbola bli matta ned/oksidert og vil få ulike sjatteringar. Nokre av symbola - som kommunevåpenet og berekraftsirkelen - vil bli fargesette. Kommunevåpenet si form og farge skal følgje vedteken mal for Kinn kommune.

Andre symbol som kan bli fargesette er mosaikken og taket på fyrtårnet. Fjordsylv sine designarar kjem med råd om graden av fargesetting. Dei rådgir også på rekkefølgje av symbola.

Storleik på symbola vil bli justert og tilpassa kvarandre litt seinare i prosessen, m.a. vil hjorten og Kannesteinen bli retta litt opp og notane skal justerast.

Mellom symbola vil det bli sett inn spesialtilpassa, handlaga ledd. Dette for å få til fin bevegelse i kjedet. Vidare vil det bli montert på ei ertekjede eller tilsvarande i bakre del. Dette for at ordførarkjedet skal kunne justerast og tilpassast den ordføraren som til ei kvar tid skal bere kjedet.



Vurderingar:

Side 9 av 53

Det er fleire omsyn å ta, både i val av symbol, val av rekkefølge og fargebruk. Det er av vesentleg betydning av kjedet får eit heilskapleg preg med god utforming.

Oppvekst- og kulturutvalet skal no ta endeleg stilling til kva symbol som skal med.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Endringer i ordførerkjede, fellesframlegg, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

1) kommunevåpen på bakside, erstatter bærekraftsmål 2) Sildene beholdes 3) Fyrtårn ok 4) Kinnaklova erstatter mosaikken 5) Ornament utgår legger tannhjul

Endringer i ordførerkjede, fellesframlegg, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

ADHOK-utvalget får mandat til å sjå på erstatning for tannhjul. Alle symbol skal være uten farge utenom kommunevåpen.

Orientering av kultursjef Anita Solbakken.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 1 og 3 samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 2 falt med 0 røyster.

2 fellesframlegg frå Venstre v/repr. Eliasson røysta under eitt og vert samrøystes vedteke.

OPKUV- 073/24 Vedtak:

1. Utforminga av ordførarkjedet er i prosess. Endeleg utforming vil skje etter at val av symbol er godkjende av Oppvekst- og kultutvalet.
2. Kommunevåpen på bakside, erstatter bærekraftsmål 2) Sildene beholdes 3) Fyrtårn ok 4) Kinnaklova erstatter mosaikken 5) Ornament utgår, legger tannhjul inn. Ad hoc-utvalet får mandat til å sjå på erstatning for tannhjul. Alle symbol skal være uten farge utenom kommunevåpen.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å fullføre prosessen.



Saksnr.	Utval	Møtedato
048/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	19.11.2024
074/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024
	Kommunestyret	

Godkjenning av delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga mellom Helse Førde og Kinn kommune

OPKUV- 074/24 Vedtak:

Kinn kommunestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.
Tillegg til kommunedir. framlegg til vedtak.

Siste ledd i deleavtalen pkt 9 referer til pkt 14, riktig referansepunkt skal være 13, då dette er årleg evaluering før desember.
Administrasjonen tek dette opp med Helse Førde.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 19.11.2024

HSO godkjenner Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga , mellom Helse Førde og Kinn kommune.
Stiller samtidig spørsmål om punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14. Skal det stå punkt 13.

HSO ber om ein rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Det er pågåande revideringsarbeid av delavtalar mellom Helse Førde og kommunane. Det vert med dette lagt fram *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* for politisk godkjenning.

Kommunedirektøren signerer elektronisk på vegne av Kinn kommune, i etterkant av politisk godkjenning.

Saksopplysningar:

Helse Førde og kommunane inngjekk i 2022 overordna samarbeidsavtale som regulerer samarbeidet mellom partane. Dette er i samsvar med lov om kommunale helse- og

omsorgstenester av 14.06.11 § 6-1 mfl. og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd,

Ulike delavtalar skal reviderast i samsvar med endringar i lovverket og som følgje av etablering av Sogn og Fjordane helsefellessap.

Delavtale *Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* er handsama i avtaleutvalet, fagleg samarbeidsutval og strategisk samarbeidsutval. Delavtalen er sendt til kommunane for godkjenning.

Vurderingar:

Delavtale *Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* er handsama i avtaleutvalet, fagleg samarbeidsutval og strategisk samarbeidsutval.

Administrasjonen stiller seg positiv til delavtalen slik den ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Delavtale *Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* utløyser ikkje økonomisk kostnad for Kinn kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
Spesialisthelsetenestelova

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 19.11.2024:

Forslag fra HSO, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti

HSO godkjenner Delavtale *Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* , mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Stiller samtidig spørsmål om punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14. Skal det stå punkt 13?

HSO ber om en rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Merknad: I punkt 9 blir det vist til punkt 14 som ikkje finnst. Det bør HF rette opp. Dato for iverksetting bør endrast til signeringsdato, står no 01.11.24.

Røysting:

Fellesframlegg framsatt av SP v/repr. Anita Eikevik samrøystes vedteke.

HSOUV- 048/24 Vedtak:

HSO godkjenner Delavtale *Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* , mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Stiller samtidig spørsmål om punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14. Skal det stå punkt 13.

HSO ber om ein rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Fellesvedtak, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Tillegg til kommunedir. framlegg til vedtak.

Siste ledd i deleavtalen pkt 9 referer til pkt 14, riktig referansepunkt skal være 13, då dette er årleg evaluering før desember.

Administrasjonen tek dette opp med Helse Førde.

Det vert påpeika at det i delavtalen punkt 9, siste ledd, vert referert til punkt 14. Riktig referansepunkt skal vere punkt 13, då det handlar om "årleg evaluering før desember".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Fellesframlegg framsett av Venstre v/repr. Eliasson samrøystes vedteke.

OPKUV- 074/24 Vedtak:

Kinn kommunestyrestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.


Tillegg til kommunedir. framlegg til vedtak.

Siste ledd i deleavtalen pkt 9 referer til pkt 14, riktig referansepunkt skal være 13, då dette er årleg evaluering før desember.

Administrasjonen tek dette opp med Helse Førde.

Vedlegg i saken:

Utkast - Delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga



Saksnr.	Utval	Møtedato
043/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2024
075/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024
113/24	Formannskapet	26.11.2024
	Kommunestyret	

Temaplan for oppvekst 2022-2034- endeleg handsaming

OPKUV- 075/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskole, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnadar både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.11.2024

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskole, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.

4. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
5. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeid vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.

Presisering frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Det er enkelte krav som må innfris før Krokane skule kan nedlegges. Flora Barneskule må få plass ny gymsal, flere grupperom og være ihht krav om universell utforming. Dette er viktig for elevene som trenger tilrettelagt opplæring og som er avhengig av universell utforming, og trengs for å sikre det psykososiale miljøet til alle elever på en god måte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
4. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
5. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeid vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.

Bakgrunn for saka:

Temaplan for oppvekst 2022-2034 har i perioden 1. august 2024 til 30. september 2024 vore ute til offentleg høyring, etter vedtak i oppvekst og kulturutvalet i sak OPKUV-040/24. Det kom inn sju høyringsinnspel. Tre av innspela er knytt til det strategiske innhaldet i planen medan resten av innspela er knytt til skulestruktur i Kinn kommune. Saka om skulestruktur og ny gjennomgang av skulebygga var initiert av OPKUV i sak 012/24 og 024/24, og teke opp att til ny vurdering. Norconsult utarbeidde ein tilleggsrapport som svara ut utvalet sine spørsmål, og som var grunnlag for høyringsdokumentet til denne planen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel kom det inn 9 høyringsinnspel knytt til skulestruktur. Kommunedirektøren har innlemma alle innspela til skulestruktur i handsaminga av temaplan for oppvekst, sjølv om nokre av innspela formelt berre er sendt til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette for å sikre ei heilskapleg og lik handsaming av spørsmåla knytt til skulestruktur.

Alle høyringsinnspela er vurdert i eit eige vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Temaplanen har tidlegare vore ute på offentleg høyring, med høyringsfrist 6. januar 2023. Det kom inn 9 høyringsinnspel, som i stor grad er omsyntatt i temaplan 2. utkast.

Temaplanen er og oppdatert til å i vareta:

- Lovkrav som følgjer av barnevernlova §15-1 første ledd om kommunen sitt ansvar for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar.
- Føringar i ny opplæringslov gjeldande frå 01. august 2024.

I tillegg er temaplanen oppdatert med konsekvensar for særleg grunnskule som følgjer av demografiske endringar med synkende barnetal. Desse er samanfallande med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vurderingar:

Temaplan for oppvekst er ein strategisk plan for tenestemråda barnehage, grunnskule, PPT, barnevern, kulturskulen, vaksenopplæringa og helsestasjon. Planen gjeld og for samarbeid med relevante tenestemråde som mellom anna BUP, fysio-ergoterapiavdelinga, fastlegar, koordinerande eining og kultur. Målet med planen er å sikre heilskapleg grep om oppveksten i Kinn. Vi skal vere saman om å skape ein god oppvekst.

Arbeidet med temaplan vart starta opp i 2021. Temaplan låg klar til politisk handsaming etter høyring som var ferdig 06.01.23. Grunna arbeid med endringar i opplæringslova, gjeldande frå 1. august 2024, og ny barnevernslov gjeldande frå 1. januar 2023, vurderte kommunedirektør å innarbeide desse i oppvekstplan før ny handsaming. I tillegg vart det vurdert å ha med oppdaterte demografital, og konsekvensane det vil ha for oppvekstsektoren.

Kommunedirektøren vurderer at det har vore omfattande og grundige arbeidsprosessar i alle fasar av utarbeidinga av Temaplan for oppvekst 2022-2034. Alle tenestemråda har vore representert i arbeidsgrupper. Tenesteleiarane har arbeidd med problemstillingar i nettverksmøter, og hatt innspel i prosessen og i utforminga av planen. I tillegg har vi hatt ekstern bistand av Norconsult ved utgreiing av moglege strukturtiltak i oppvekstsektoren. Rapportar frå Norconsult ligg som vedlegg i planen, med eigen elektroniske lenke.

Planen inneheld følgjande:

- Kapittel 1: Kort om planen.
- Kapittel 2: Rammesvilkår for oppvekstsektoren med underkapitla Folketal og demografiutfordring i Kinn kommune, og dimensjonering av tenestene og ressursbruk i komande 10 års periode.
- Kapittel 3: omhandlar oppsummering av utfordringar og moglegheiter, med underkapitla; Demografi. Saman om ein god oppvekst. Inkluderande oppvekstmiljø. Digitale ferdigheiter hos barn, unge og tilsette og kompetanse og bemanning.
- Kapittel 4: omhandlar omstilling i oppvekst og undervisning, og inneheld korleis tenestene skal arbeide med omstilling.
- Kapittel 5: er målkapittelet i planen med handlingsplanar.
- Kapittel 6: er tiltaksversikta som er gjeldande i Kinn for førebyggjande tiltak.

Tiltaksversikta er delt inn i 3 underkapittel;


- 6.1 omhandlar universelle tiltak, det vil seie innsats retta mot alle barn og unge.
- 6.2 omhandlar selekterte tiltak, det vil seie tiltak som er retta mot grupper med kjend og/eller forhøga risiko for å utvikle vanskar.
- 6.3 er tiltaksversikta på indikert nivå, som er retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på utfordringar eller problem.

Dei fleste høyringsinnspel er knytt til skulestruktur. Tiltak knytt til skulestruktur er viktige føresetnader for å sikre elevane god og likeverdig kvalitet i undervisninga, og å sikre eit berekraftig grunnskuletilbod.

Det vert i fleire høyringsinnspel, t.d. frå FAU ved Raudeberg skule, etterlyst eit betre kunnskapsgrunnlag for kva verknader nedlegging av ein skule kan få for eit lokalsamfunn.

I forskinga kring nedlegging av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø, samstundes som skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Det er i skulen sine lokale lag og foreiningar har møte, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17.mai arrangerast. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman.(Sjå meir i [Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen](#)).

I Sentio si innbyggjarundersøking gjennomført i samband med høyringa på Kommuneplanen sin samfunnsdel, får ein ei slik vurdering av dei som har delteke i undersøkinga:



Sentio skildrar funna slik:

Samla sett er 6 av 10 einige i at det er viktig å bevare skular i distrikta, sjølv om fleire klassetrinn må undervisast saman. Det er større breidde i svara på dette spørsmålet enn vi har sett tidlegare i undersøkinga, der 3 av 10 er ueinige.

Ein av dei største skilnadane er at menn er meir einige enn kvinner i påstanden. Der menn i gjennomsnitt svarar 67, på ein skala der heilt ueinig = 0 og heilt einig = 100, svarar kvinner tilsvarande 58. Vi ser og store skilnadar ut i frå kor dei bur.

Medan det tidlegare har vore forskjellar mellom Florø og Måløy by, er dei no relativt samstemde. Det er derimot dei utanfor Florø, i Flora-området som er meir einige i påstanden og dei utanfor Måløy, i Vågsøy-området som er mindreeinige. Det vil seie at dei i områda utanfor Florø er meir einige i at det er viktig å bevare skular i distrikta, medan dei i områda utanfor Måløy er meir ueinige i dette.

Ved ei skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering/tilflytting av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014) Den same uroa finn vi skildra i høyringsinnspel knytt til Raudeberg skule og Krokane skule.

Det er gjort ein [litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning](#) der det vert sett på samanhangen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling:

«Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørli m.fl. 2012). Grunnskole og vidaregåande skole er derimot ikke blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørli m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skulenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser

seg situasjonen der de bor.»

Vi har sett på folketalsutviklinga i tre lokale grunnkretsar der ein har lagt ned skular tidlegare. Dette kan gje ein peikepinn på kva konsekvensar det har hatt i lokalsamfunn i vår eigen kommune.

Kvalheim	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	16	17	15	15	14	10	7	6	7	5
6-19 år	24	25	26	28	34	31	34	39	40	41
20-66 år	92	93	88	87	87	86	81	77	72	76
67 år og eldre	22	20	20	20	23	22	29	30	33	32
Totalt	154	155	149	150	158	149	151	152	152	154

Tabell 1: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

Våge - Oppedal	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	17	22	19	14	14	15	12	12	11	11
6-19 år	45	45	48	45	45	44	53	46	46	47
20-66 år	155	151	143	148	147	143	140	142	135	135
67 år og eldre	33	31	38	41	41	44	45	51	54	57
Totalt	250	249	248	248	247	246	250	251	246	250

Tabell 2: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt


Holvik	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	26	26	26	24	16	18	17	25	27	33
6-19 år	83	77	76	69	65	61	59	58	61	62
20-66 år	234	223	220	214	213	204	207	209	211	212
67 år og eldre	51	54	53	55	56	57	60	61	57	62
Totalt	394	380	375	362	350	340	343	353	356	369

Tabell 3: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

Som vi kan lese ut av tabellane ser vi at Kvalheim og Oppedal har eit jamt folketal 12 år etter at skulane er lagt ned. Kvalheim har i åra frå 2015 –2024 hatt ei auke i folketal i aldersgruppa 6-19 år. Vi ser tydeleg at det i perioden vert færre born i aldersgruppa 0-5 år (rekruttering inn i skulen) medan det vert færre i arbeidsfør alder og fleire som er 67 år og eldre. Holvik har, sjølv med befolkningsnedgang, ein auke i tal born 0-5 år.

Ut i frå dette er det grunn til å stille spørsmål ved om det er skulen som er avgjerande for om folk ønskjer å etablere seg i bygdene. Kan det vere som vi finn i eit høyringsinnspel frå ein føresett i Skavøypoll barnehage, andre faktorar som spiller inn? I høyringsinnspelet vert det stilt spørsmål om andre faktorar som bustadtomter, opparbeidde turområde, nærleik til sjø, trygge gangvegar, kollektivtransport, gode leikeplassar har meir å seie for kvar ein buset seg.

Illustrasjonen under viser den nasjonale utviklinga knytt til skulenedlegging dei siste ti åra. Som ein kan sjå av framstillinga er det flest skulenedleggingar i Vestland fylke samstundes som dette er eit fylke med lågare grad av nyoppretting av skular. Lågt elevtal og økonomiske omsyn i kommunen er viktige årsaker til at ein skule vert lagt ned skriv [Utdanningsdirektoratet si analyse](#).



Det er stor spreiding i størrelsen på skulane i Kinn kommune. Mange mindre skular er ein av årsakene til det høge kostnadsnivået i grunnskulen, slik Agenda Kaupang si analyse viser. På landsbasis er det særleg skular med færre enn 100 elevar som vert lagt ned. Skular som har blitt lagt ned har i gjennomsnitt 74 elevar siste driftsåret.

Kommunedirektøren si oppsummering:

Fleire av høyringsinnspela knytt til skulestruktur uttrykkjer uro for framtida til lokalsamfunna der skulen er føreslått nedlagt. I vurderinga av desse innspela har vi ikkje funne tilstrekkeleg dokumentasjon på at vi taper tilflytting av nye innbyggjarar til kommunen ved å gjere endringar i skulestruktur. Det er i aktuell litteratur peika på at andre forhold som arbeidsmarknad, jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda

Ei berekraftig grunnskuleopplæring i Kinn kommune – rammeføresetnader og strukturendringar

Kinn kommune treng skular med god fysisk utforming, funksjonalitet som fremmar læring og som er tilpassa eit framtidig elevtal i kommunen. Ved å redusere tal skular vil vi kunne tilpasse den økonomiske og pedagogiske drifta til eit lågare elevtal og soleis gje elevane i kommunen eit meir likeverdig undervisningstilbod. Det vil også verte lettare å rekruttere lærarar og naudsynt kompetanse i profesjonsfellesskapet. Framlegga i økonomiplan, temaplan for oppvekst og kommuneplanen sin samfunnsdel baserer seg på nedlegging av Krokane, Stavang og Raudeberg skule.

Elevtalsutvikling i grunnskulen

Årstrinn	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25
1-7.trinn	1 543	1 488	1 494	1 471	1 390
8.-10.trinn	689	711	718	744	745
Sum elevar	2 232	2 199	2 212	2 215	2 135

Tabell 4: Utvikling i tal grunnskuleelevar i Kinn kommune GSI tal.

Som vi kan sjå av tabellen er elevtalsnedgangen frå skuleåret 2023/24 til 2024/25 på 80 elevar, sjølv med det relativt store talet elevar skulane har teke imot av busette i denne perioden. Elevtalsnedgangen er soleis ikkje berre noko som ligg i prognosane, men ein realitet som vi har sett dei siste åra.

For dei skulane som er råka i strukturframlegget til kommunedirektøren ser vi ei slik elevtalsutvikling frå skuleåret 2019/20.

Skule	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
Florø barneskole	515	497	471	463	444	417
Krokane skule	193	198	191	178	161	148
Raudeberg skule	102	107	102	99	89	78
Skram skule	246	231	235	235	251	239
Stavang skule	19	16	11	14	16	12

Tabell 5: GSI tal for elevtalsutvikling for skulane som vert råka av strukturframlegget til kommunedirektøren

I tabellane under framskriv vi elevtalet ved skulane ut i frå dei barna som er i barnehage, samt dei som står på venteliste til barnehage. Då ser vi elevtalsutviklinga opp mot prognosetala henta frå Norconsult sin [tilleggsrapport](#). Teljinga tar utgangspunkt i barna si folkeregistrerte adresse i dag. Elevtalsframskrivingane i tabellane tek ikkje omsyn til inn/utflytting, men det gjer prognosetala.

Mobiliteten (flytting) mellom opptaksområda i Florø sentrum er stor.

Elevtalsutvikling ved Florø barneskole

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	61	55	51	67	49	57
2. klasse	62	61	51	50	63	46
3. klasse	60	62	61	51	50	63
4. klasse	66	60	62	61	51	50
5. klasse	58	66	60	62	61	51
6. klasse	56	58	66	60	62	61
7. klasse	54	56	58	66	60	62
Totalt	417	418	409	417	396	390
Prognose	462	461	461	455	452	442

Tabell 6: Framskrivning av elevtal ved Florø barneskole sett opp mot prognose nytta av Norconsult.

Elevtalsutvikling Krokane skule

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	19	11	26	19	15	17
2. klasse	13	19	11	26	19	15
3. klasse	24	13	19	11	26	19
4. klasse	20	24	13	19	11	26
5. klasse	28	20	24	13	19	11
6. klasse	16	28	20	24	13	19
7. klasse	28	16	28	20	24	13
Totalt	148	131	141	132	127	120
Prognose		124	128	127	125	120

Tabell 7: Framskrivning av elevtal ved Krokane sett opp mot prognose nytta av Norconsult

Som vi kan sjå av tabellen har Florø barneskole hatt ein relativt stor elevtalsnedgang dei siste åra. Skulen har skuleåret 2024/25 98 elevar færre enn i skuleåret 2019/20.

Elevtalsnedgangen er for Krokane skule er 50 elevar i same tidsperiode. Vi må tilbake til skuleåret 1997/98 for å finne eit like lågt elevtal (427 elevar) som Florø barneskole har i inneverande skuleår. Krokane skule hadde til samanlikning 355 elevar skuleåret 1997-98. Torvmyrane skule opna skuleåret 1998-99 grunna elevtalsveksten i opptaksområdet Krokane. Bydelen fekk slik to skular med eigne opptaksområde.

I eit av høyringsinnspela vert det peika på at Florø barneskole er overfylt og at dette kan føre til at elevar ikkje vert sett og difor ikkje føler seg trygge. Høgskolen i Innlandet laga i 2022 i kunnskapsoppsummering om «[Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes](#)

trivsel og læring» I denne rapporten vert det konkludert med at; «Gjennomgang av forskning omkring sammenhengen mellom elevens trivsel og omfanget av mobbing og skolestørrelse viser at størrelsen på skolen har tilnærmet ingen betydning for elevenes trivsel og omfanget av mobbing. Størrelsen på skolen forklarer alene ikke om elevene trives eller ikke trives på skolen, selv om det er en svak tendens til at elever på småskoletrinnet trives noe dårligere på skoler med mindre enn 150 elever». Det vert vidare peika på pedagogiske variablar knytt til leing, samarbeid mellom lærarar, vennskap og undervisning som kan gje ei forståing av og forklaring på at skular bør ha ei viss storleik, og at både for små og for store skular kan ha nokre utfordringar.

Elevtalsutvikling Raudeberg skule

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	6	2	5	10	8	10
2. klasse	9	6	2	5	10	8
3. klasse	9	9	6	2	5	10
4. klasse	12	9	9	6	2	5
5. klasse	14	12	9	9	6	2
6. klasse	17	14	12	9	9	6
7. klasse	11	17	14	12	9	9
Totalt	78	69	57	53	49	50
Prognose		69	64	64	64	64

Tabell 8: Framskriving av elevtalsutvikling ved Raudeberg skule (skulen sine egne tal) sett opp mot prognose nytta av Norconsult

Elevtalsutvikling ved Skram skole

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	29	23	26	33	24	21
2. klasse	40	29	23	26	33	24
3. klasse	31	40	29	23	26	33
4. klasse	37	31	40	29	23	26
5. klasse	34	37	31	40	29	23
6. klasse	30	34	37	31	40	29
7. klasse	38	30	34	37	31	40
Totalt	239	224	220	219	206	196
Prognose	235	233	236	226	215	209

Tabell 9: Framskriving av elevtalsutvikling ved Skram skole sett opp mot prognose nytta av Norconsult

Elevtalsframskriving og kapasitet ved Nye Skram skule

I Norconsult sin tilleggsrapport finn vi i *kap.5 Nye Skram skule – vurdering av eksisterande planar*, ei kapasitetsanalyse av vedteken utbyggingsløyising. Under ser ein berekna kapasitet med utgangspunkt i ulike arealavsettingar pr. elev:

- Med 2,5 m² pr elev gir dette et snittareal til å handtere 258 elevar eller om lag 36 elevar pr årssteg. (vanleg å planleggje nye skular etter dette talet).
- Med 2,25 m² pr elev gir dette et snittareal til å handtere 287 elevar eller om lag 41 elevar pr årssteg (forsvarleg når det er støtteareal i og rundt klasseromma)
- Med 2,0 m² pr elev gir dette et snittareal til å handtere 323 elevar eller om lag 46

elevar pr årsteg (forsvarleg når det er støtteareal i og rundt klasseromma)

Til informasjon er Eikefjord skule (ferdigstilt i 2016) og Brandsøy skule (ferdigstilt i 2020) bygd med utgangspunkt i maksbelastning på 2 m² pr. elev.

Elevtalsframskriving for Skram skole + Raudeberg skule, faktisk talde elevar

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	35	25	31	43	32	31
2. klasse	49	35	25	31	43	32
3. klasse	40	49	35	25	31	43
4. klasse	49	40	49	35	25	31
5. klasse	48	49	40	49	35	25
6. klasse	47	48	49	40	49	35
7. klasse	49	47	48	49	40	49
Totalt	317	293	277	272	255	246

Tabell 10: Framskrivning av elevtalsutvikling ved Skram skole + Raudeberg skule, faktisk talde elevar, utan inn-/utflytting.

Prognose elevtalsutvikling Skram skole + Raudeberg skule

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	32	36	42	37	38	38
2. klasse	38	33	37	43	38	39
3. klasse	48	39	34	37	43	38
4. klasse	50	48	39	34	38	43
5. klasse	50	50	48	40	35	38
6. klasse	46	50	50	48	40	35
7. klasse	48	46	50	50	48	40
Totalt	317	293	277	272	255	246

Tabell 11: Framskrivning av elevtalsutvikling ved Skram skole + Raudeberg skule, prognose nytta av Norconsult i tilleggsrapport

Dersom ei samanslåing med Raudeberg gjev mange årsteg over 46 elevar kan dette skape utfordringar knytt til klassedeling og tal klasserom. Som ein ser av tabellen over vil det vere tre trinn som har over 46 elevar skuleåret 2026/2027, to trinn som er over 46 elevar skuleåret 2027/2028 og eitt trinn skuleåret 2028/2029. Dette er likt i begge tabellane. I den eine tabellen vil der også vere eit trinn over 46 elevar skuleåret 2029/2030. Etter dette er det ingen kull, verken i talde born, eller prognose som er over 46 elevar.

I tabellen med faktisk talde barn er det eitt kull som berre er 25 elevar. Desse vil kunne vere i eitt av dei største klasseromma og soleis frigjere eitt klasserom til evt. tredeling. Nye Skram skole er planlagt med eige SFO-rom, som ikkje er tenkt nytta til klasserom i skuletida. I ein overgangsperiode vil det vere fullt mogleg å nytte dette rommet til t.d. klasserom for 1. trinn, slik som er vanleg på dei fleste skular i dag. Med dette vil vi kunne ha tre parallellar på to trinn, og framleis vere innanfor lovkrava til areal per elev.


Både prognose og faktisk talde born viser at storleiken på kulla ved ein samanslått Nye Skram skole etter kvart kan ligge kring 30-35 elevar for dei fleste årstega.

Elevkapasitet i skulebygga

Den samla elevkapasiteten i skulebygga i Kinn kommune ligg på 3000 elevplassar. I dag

nyttar vi 2 135 av desse plassane, dette gjev pr. i dag ein overkapasitet på 865 elevplassar. Det er difor eit poeng i skulestrukturvurderinga å få redusert tal skulebygg som er i drift, slik at kostnadene til drift og vedlikehald vert redusert. Ved å redusere talet på skulebygg reduserer ein også framtidige investeringskostnader til rehabilitering av dei eldste skulebygga våre som t. d Krokane skule. Kinn kommune har eit stort vedlikehaldsetterslep knytt til skulebygg.

Innbyggerundersøkinga gjennomført av Sentio i samband med høyring av Kommuneplanen sin samfunnsdel viser korleis innbyggerane i utvalet vurderer påstanden om at vi må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på dei gjenverande skulebygga.



Sentio skildrar funna slik:

Samla sett er litt under halvparten av respondentane einige i at ein må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på gjenverande skulebygg.

Vi ser at det er skilnadar ut i frå kor gammal ein er, men det er ikkje snakk om store skilnadar. Dei under 30 er i noko mindre grad einige i påstanden enn dei som er eldre, men dette er først og fremst tydeleg på andelen som er heilt einig. Dei har ikkje ein større andel som er ueinige, men er altså mindre til stades i ytterpunktet heilt einig. Menn svarer oftare enn kvinner at dei er heilt ueinige, og dei har ein høgare andel som er nøytrale enn kvinnene. Det er ikkje nokre store skilnadar på kor einige dei er totalt sett. Det er ikkje store forskjellen på andelen som er einige og andelen som er ueinige, med 37 prosent ueinige og 46 prosent einige.

Ny ressursfordelingsmodell for tildeling av ressursar til drift av grunnskulen

Kinn kommune har valt ein elevtalsbasert modell for tildeling av ressursar til grunnskulane. Målsettinga med å innføre modellen var at det skulle vere ei likeverdig fordeling av ressursar mellom skulane og for at det var behov for å innføre ein modell som kunne handtere demografiutviklinga med synkande elevtal.

Prinsippa i den nye modellen er at kvar skule får ein lik grunnressurs, samt ein 50 prosent rektorstilling. Etter det er det elevtalet som styrer timane som vert tildelt til ordinær undervisning knytt til årstimetalet i faga, individuelt tilrettelagt undervisning, personleg assistanse, leiing osb.

Om ein ikkje gjer strukturtiltak vil konsekvensen vere at vi anten ikkje klarar å innfri lovkravet om lærartettleik (lærarnorma) på dei store skulane, eller at der ikkje er nok midlar til å sikre forsvarleg drift av dei små skulane. Skular med få elevar vil få problem med å drifte skulen innanfor ramma dei får tildelt i modellen, då driftskostnaden per elev blir vesentleg høgare enn summen ein får tildelt per elev. Desse skulane vil måtte gjere store endringar i organiseringa av drifta for å halde budsjettramma, som t.d. å gå over til få-delt drift. Det vil seie at elevar frå fleire klassetrinn får opplæring i same klasse. Sjølv om skulane gjer store endringar i opplæringstilbodet til elevane, vil ein likevel måtte

tilføre sektoren friske midlar om ein ikkje gjer endringar i skulestruktur.

Rekruttering og sterke profesjonsfellesskap i skulane

I temaplan for oppvekst vert det lagt vekt på utfordringar knytt til å rekruttere nok fagfolk i åra som kjem. Mange er også uroa for rekrutteringa til grunnskulen. Der vi dei siste åra ser ein nedgang i tal søkjarar til lærarutdanninga.


I dei områda som allereie no ser utfordringar knytt til rekruttering av lærarar i grunnskulen ser ein at dette er særleg vanskeleg på 1.-4.trinn. Dette gjeld særleg for skular utanfor tettstader eller kommunesenter, skular som er langt unna kollektivtilbod og skular som etterspør spesiell kompetanse.

Mange lærarstudentar vel lærarutdanning for 5.-10.trinn og i mindre grad 1.-7.trinn. Dette kan forklare noko av utfordringane ein ser knytt til rekruttering på 1.-4. trinn. Store skular har vesentleg mindre utfordringar med rekruttering enn mindre skular kjem det fram i rapporten [SØF-rapport nr. 04/23 Rekruttering av lærere ved norske skoler.](#)

Forklaringa på dette kan vere at lærarane ønskjer større fagmiljø og moglegheit til å undervise i dei faga dei har kompetanse i. I dei seinare åra er det blitt lagt sterk vekt på kor viktig det tverrfaglege samarbeidet mellom skulen og dei ulike hjelpetenestene er for at barn og unge skal få den hjelpa dei treng når dei treng den. I ny opplæringslov som vart tatt i bruk i august 2024 er PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) si rolle i å hjelpe skulen i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tilpassa opplæring samt intensiv opplæring frå 1.-4.trinn er tydeleggjort i den nye lova. Med ein tilpassa skulestruktur kan PPT sine ressursar i dette viktige arbeidet konsentrerast.

Dette er moment som og ligg til grunn i Norconsult sin [rapport](#).

Sentio har og gjort ei undersøking i innbyggjarutvalet der dei spør kor einig/ueinig innbyggjarane er i at større skular gir eit betre arbeids- og læringsmiljø.



Sentio tolkar funna slik:

I svara på dette spørsmålet er det store skilnadar ut i frå område, der dei i Vågsøy er meir einige i påstanden enn det dei i Flora er. Men –det er tilnærma identiske svar i Florø og i Måløy, dei skilnadane vi ser på områda Flora og Vågsøy, er på grunn av dei som bur utanfor byane.

6 av 10 som bur i Flora-området utanfor Florø, er ueinige i denne påstanden. I same område er 2 av 10 einige. 3 av 10 som bur i Vågsøy-området, men utanfor Måløy er ueinige i påstanden og nesten halvparten er einige i påstanden.

Områda svarer og meir i ytterkantane, der 4 av 10 av dei utanfor Florø svarer at dei er heilt ueinige(og dermed 2 av 10 noko ueinig), og dei utanfor Måløy har «berre» 15 prosent som er heilt ueinige.

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunedirektøren er sterkt uroa for tilbodet til elevane om vi ikkje gjer strukturendringar no. Kommunen har ikkje økonomi til å rehabilitere alle skulebygga som er i drift i dag, og ein må difor prioritere blant skulebygga. Driftssituasjonen er kritisk, og justering av grunnskuleramma til same nivå som samanlikningskommunane er sær utfordrande. Ut i frå fleire av bygga sin forfatning er det uklårt kor lenge vi kan drive dei

utan omfattande pålegg. Vi bør difor gjennomføre endringar på ein planlagt og trygg måte. Ein skulestruktur med færre og større skular vil og kunne bidra til ei betre rekruttering og sterkare profesjonsfellesskap i skulane.

Barnets beste vurdering

I tiltak som kommunen foreslår som vil kunne ha direkte eller indirekte konsekvensar for barn, skal barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn. Ei vurdering av barn sine rettar skal sikre at konsekvensane for barn er kartlagt og barnets beste vurdert. Dette er naudsynt for at grunnlaget som ein tek avgjersle på er godt nok. Ei vurdering av barnets rettar kartlegg kva konsekvensar eit tiltak vil kunne ha for barn sine ulike rettigheter.

Lovgrunnlaget ligg i [Grunnloven § 104](#) og [FN sin barnekonvensjon](#) artikkel 3 og 12.

Korleis kan eit skulestruktur vedtak påvirke elevane ved dei ulike skulane?

Rettigheter i barnekonvensjonen som kan vere råka i høve spørsmålet om ny skulestruktur i Kinn kommune er:

Artikkel 31-1 Retten til hvile og fritid: Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.)

*Artikkel 28 punkt 1 ledd e: Partene anerkjenner barnets rett til utdanning, og med sikte på å oppnå denne rett gradvis og på grunnlag av like muligheter skal de særlig:
e) treffe tiltak for å oppmuntre til regelmessig skolegang og for å redusere antallet av dem som ikke fullfører skolegangen*

Skuleveg og barnets beste vurderingar i høve «artikkel 31-1 Retten til hvile og fritid»:

Ei skulenedlegging kan føre til at fleire elevar vert avhengige av skuleskyss, og at dei som alt har slik skuleskyss, får lengre skyss. I rapporten "[Meir skyss – mindre helse](#)" vert det stilt spørsmål om ein ved skulenedleggingar tek frå stadig fleire barn og unge "den naturlige mosjon som gang og sykling... til og frå skulen representerer". S.1. Og om sentralisering av skuletilbod kan forsvarast ut frå eit folkehelseperspektiv. Rapporten viser til at elevar kan få fysiske plager som t.d. kvalme av skuleskyssen, for nokre elevar vil desse plagene gje ubehag og ei tid etter at skulereisa er slutt, dvs. i skuletida.

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen. Skyss etterstreber å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) innanfor følgjande rammer:

- Omlag 45 minutt for 1-4.årstrinn
- Omlag 60 minutt for 5.-7.årstrinn
- Omlag 75 minutt for 8.-10.trinn

Elevane ved Krokane skule

Ved ei flytting av elevane ved Krokane skule til Torvmyrane skule og Florø barneskole vil elevane framleis kunne gå og sykle til skulen. Elevane vil kunne nytte lyssett gang og sykkelveg til og frå dei nye skulane sine. Elevane i 1. klasse vil ha rett til skuleskyss om dei bur meir enn 2 kilometer unna skulen. Det er soleis kommunedirektøren si vurdering av dette må reknast som ei mindre inngripande endring for elevane ved Krokane skule i høve skuleveg. Elevane sin rett til lek og fritid vil i liten grad verte råka, då dei kan gå/sykle til skulen og nytte det same fritidstilbodet dei har nytta tidlegare.

Elevane ved Raudeberg skule

Mange av elevane som går ved Raudeberg skule har skuleskyss i dag. Ved flytting til Skram skule, vil alle elevane ha rett til skyss. Elevar på 2-10.trinn som bur meir enn 4 km frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar på første årstrinn er skyssgrensa 2 km.

Reisetida for elevane som sokner til Raudeberg skule er slik i dag:

- Frå Kvalheim – til Raudeberg skule: 13 minutt (eigen buss)
- Frå Halsør til Raudeberg skule: 21 minutt
- Frå Vedvik til Raudeberg skule: 14 minutt
- Frå Refvik – Raudeberg skule: 10 minutt (lengste avstand i bygda)

Vert Raudeberg skule vedtatt lagt ned vil elevane få slik ny estimert skysstid til Skram skule dersom skyssen går slik som i dag:

- Frå Kvalheim: 33 minutt
- Frå Halsør: 39 minutt
- Frå Vedvik: 32 minutt
- Frå Refvik: 32 minutt
- Frå Raudeberg: 18-20 minutt

Som ein kan sjå av dei estimerte tidene vil elevane som allereie nyttar skyss få ei lengre tid på buss. At elevar får ei lengre skysstid er ikkje ønskjeleg. Ingen av elevane som no sokner til Raudeberg skule få ei skysstid som overstig 45 minutt.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Alternativt kan det settast opp skyss:

- Vedvik – Halsør - Raudeberg – Måløy,
- Refvik – Raudeberg – Måløy og
- Kvalheim – Raudeberg – Måløy.

Slikt skyssoppsett vil gje kortare reisetid for elevane frå Halsør. Denne skyssen vil og gjelde for elevar til ungdomsskulen og vidaregåande skule. Det er Vestland Fylkeskommune som tek avgjerd om skuleskyss.

Ei nedlegging av Raudeberg skule vil kunne gje auka skyssutgifter tilsvarende 255.000 kroner.

Elevane ved Stavang skule:

Elevane frå Stavang skule som skal ta til ved Eikefjord barne- og ungdomsskule vil kunne nytte buss på heile reisevegen. Lengste reiseveg for dei elevane som er ved Stavang skule i dag vil vere maks 45 minutt fram til Eikefjord barne -og ungdomsskule. Med slik reisetid er ein innanfor Skyss sine rammer for reisetid. Det er difor kommunedirektøren si vurdering at dette må reknast som akseptabelt.

Elevane som skal ta til ved Florø barneskole vil måtte nytte ulike transportmiddel for å komme seg til skulen. Dei vil måtte nytte buss fram til Veiesund kai, vente på kaia, ta båt til Florø og buss vidare til skulen. Elevane vil få ei slik estimert reisetid:

Stavang – Veiesund kai estimert tid: 15 minutt

Veiesund kai - Florø hamn estimert tid: 25 minutt

Florø hamn- Florø barneskole estimert tid: 5 minutt

Aktiv reisetid: 45 minutt pluss ventetid mellom transportmidla.

Reisetida i seg sjølv er i stor grad innafor Skyss sine rammer, men sidan elevar i alderen frå 5 år og oppover må byte transportmiddel undervegs vil dette vere ein meir krevjande skuleveg.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Om alle elevar ved Stavang skule har Eikefjord barne- og ungdomsskule som nærskule kunne ein eliminere utfordringane med byte av transportmiddel for elevane. I den grad det er slik at elevane i Stavang, Stavøy og Svortevik/Standal nyttar fritidstilbod i Eikefjordområdet vil ein også kunne redusere køyring til og frå fritidsaktivitetar.

Kommunen har vore i dialog med Skyss om problemstillinga. Kinn kommune må i samarbeid med føresette vurdere om det er trong for tilsyn med einskilde elevar ut frå

alder og mogning under transport. Ungdomsskuleelevane frå Stavang skule følgjer same skyssen og vil kunne hjelpe yngre elevar under transport. Det kan og vere føresette som nyttar same skyss for å komme til arbeid i Florø som kan følgje egne born.

Oppsummering av barnets beste vurdering knytt til skyss

For alle tre skulane som er føreslegne nedlagde vil ikkje nye skyssmåtar/skysstider vere utanfor det kommunedirektøren vurderer som akseptabelt. Det vil også vere mogleg for borna å nytte fritidsaktivitetar som tidlegare. Unnataket her kan vere yngre elevar som er busett på Stavøy og skal gå på Florø barneskole som gjerne ikkje har høve til å følgje andre rutetider enn dei som er sett som skuleskyss.

Skulebyte og barnets beste vurdering

Ei skulestrukturendring vil kunne medføre ei stor omstilling for elevane dette gjeld. For nokre elevar kan det å byte skulemiljø vere krevjande. Å skifte frå eit nært og kjent skulemiljø til noko ukjent og større kan vere utfordrande. For andre elevar vil dette gje høve til å skape nye vennskap og relasjonar.

Barnet sitt høve til å oppretthalde relasjonar: Elevane ved Krokane skule og Raudeberg skule vil ha høve til å oppretthalde relasjonar til nære venner sidan alle elevane vil gå over til ny skule. For elevane i Stavang er prosessen med overgang til ny skule byrja og dei får høve til ei gradvis oppbygging av nye vennskap på den nye skulen.

Sårbarheitssituasjon: For dei elevane som er få i aldersgruppa kan det opplevast som meir krevjande om dei skal inn i veletablert klassegrupper med mange fleire elevar enn det dei er vande med. Dette vil stille krav til overgangsprosessane som det må leggst til rette for.

Å handtere og meistre overgangar mellom skuleslag er likevel ei naturleg del av elevane si utvikling og mogning. Kinn kommune har prosedyre for overgangar mellom barnehagar, mellom barnehage og skule, og overgangar mellom skular. Det er såleis ei brei erfaring i og mellom tenestene for å ivareta elevane i overgangssituasjonar. Ved endringar i skulestrukturen vil elevane oppleve «overgang til ny skule» på ein annan måte. Dette vil gjelde både elevane som skal til ein ny skule, og elevane som allereie går på skulen og som får nye elevar i klassen.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Erfaringar vi har i Kinn, er at det er viktig at skulane og føresette i god tid startar eit samarbeid om å legge til rette for gode prosessar slik at elevane kan bli kjende og trygge i det nye skulemiljøet. Slikt arbeid bli ekstra viktig når det er snakk om å slå saman skular som t.d Raudeberg og Skram, Florø barneskole og Krokane skule (70 prosent) og Krokane skule (30 prosent) og Torvmyrane skule.

Vekting av barnets beste opp mot andre relevante omsyn.

Den konkrete vektinga av barnets beste i høve at elevar ved skulenedlegging vil måtte byte skule, samt at mange elevar får ei lengre reisetid til skulen vil i denne saka vegast opp mot :

- Kinn kommune sine økonomiske utfordringar der det innafor oppvekstsektoren er lagt opp til ein rammereduksjon på 46 millionar kroner.
- Overkapasitet i skulebygga ut frå tal elevar pr. i dag, som vert ytterlegare forsterka ved ein framtidig elevtalsnedgang. Dette gjev behov for å redusere drift, vedlikehald og rehabilitering av færre skulebygg.
- Sikre framtidig rekruttering til sterke profesjonsfelleskap i større skular.

Kommunedirektøren har vurdert dei ulike omsyna og tilrår at ein går vidare med dei tilrådde strukturtiltaka i M1 alternativet.

Norconsult har i sin [rapport](#) (side 42) gjort ei oppsummering av konsekvensane knytt til Mi alternativet som er kommunedirektøren sin tilråding til ny skulestruktur i Kinn

kommune.

Aktuelle vurderingar knytt til etterbruk av skuleanlegg

Raudeberg skule

Skulen ligg fint til på Raudeberg, med utsikt over Ulvesundet og Raudeberg sentrum. Tomta ligg også fint til i kanten av naturområde.

Dersom skulen blir nedlagt vil det vere viktig å ta vare på store delar av ute-anlegget som nærmiljøanlegg for nærområdet. Ute-anlegget har stort potensiale for å bli vidareutvikla som aktivitetsanlegg og samlingsplass for Raudeberg. Dersom skulen blir avvikla, er det viktig at det blir sett av midlar til utvikling av området. Ei slik utvikling bør gjerast i samarbeid med dei som bur i nærområdet.

Skulebygget med parkeringsområde og tilkomstområde på framsida, vil egne seg godt som leilegheiter eller hyblar. Dette betyr at bygget med tilstrekkeleg areal rundt kan bli skilt ifrå tomta og seld som eit utviklingsprosjekt for bustader. Kommunen er i ferd med å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I denne planen kan det leggast inn ei føring om at bygningsmassen kan nyttast som bustad, dersom skuleverksemda blir flytta. På den måten sikrar kommunen, ved eit sal, at bygga blir nytta til bustad.

Marknaden bør få avgjere kva for type leilegheiter og målgruppe som er mest realistisk å selje på denne tomte. Det er mogleg å tenke seg at det kan vere eit potensiale for mindre einingar, som kan nyttast som alternativ til t.d. brakkebustader, som det er ein del av på Raudeberg i dag. Ei omgjering av skulebygget til denne målgruppa vil kunne gje langt høgare bukvalitet, enn ein brakerigg. Eller det kan vere at det er føremålstenleg med ein anna type bustader. Dette bør ikkje kommunen ha for sterke føringar på, men i første rekke sikre, gjennom arealplanen at bygget i framtida blir nytta til bustad.

Krokane skule

Krokane skule ligg sentralt på Krokane. Krokane er i kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy definert som bydelssenter. Dette inneberer mellom anna at det er meir enn 5000 innbyggjarar som soknar til denne bydelen. Torvmyrane er ein del av dette befolkningsgrunnlaget. Skule innanfor området er ein del av definisjonen for eit bydelssenter. I og med at Torvmyrane skule skal bestå i området, vil framleis området vere eit bydelssenter. Med skule, barnehagar, butikkar mm.

Skulebygget er veldig nedslite og har avgrensa verdi som bygg. Området der skulen ligg, er innanfor eit flott grøntområde i eit elles ganske tett utbygd område. Det grøne preget på området bør uansett bestå, ved ei avvikling av skuledrifta. Dette er eit verdifullt område for heile bydelen og barnehagen.

Området er såpass stort, at det i tillegg til å ta i vare mykje grønt og aktivitetsområde for lek og idrett, også kan vere rom for ein del bustader. I kor stort omfang og på kva måte kan bere avgjerast gjennom ein planprosess. Difor bør kommunen ved ei avvikling sette av midlar til planlegging av området. Ei slik planlegging bør starte med eit moglegheitstudie, gjerne utforma som ein konkurranse, der ein får fram kvalitetar og ulike moglegheiter for utvikling av området. Innbyggjarane i nærområdet må delta i slike prosessar. Etter gjennomført planprosessar, kan det vere mogleg å skilje ut og selje delar av området. Medan dei grøne aktivitetsområda framleis bør vere i kommunalt eige.

Stavang skule

Skuleanlegget ligg sentralt i grenda. Når det ikkje er skuledrift i anlegget lenger, er det viktig å finne ei framtidig løysing for anlegget, som er positivt for lokalsamfunnet i Stavang.

Det ligg ei avtale i botn om skuleanlegget mellom grendalaget og kommunen. Framtidig bruk av anlegget må difor basere seg på ei avtale mellom grendalaget og kommunen. Før ein kan inngå ei avtale, må det gjennomførast ein prosess for å finne skuleanlegget

sin «plass» i Stavang. Særleg er det viktig å sjå dette opp mot innspel til kommuneplanen sin arealdel, kor det ligg ei omfattande satsing på utvikling i Stavang i botn. Som ein del av avviklinga av skuledrifta bør det settast av midlar til utvikling av anlegget.

Økonomiske konsekvensar:

Det er fleire høyringsinnspel knytt til nedlegging av Raudeberg skule som stiller spørsmålsteikn ved samanhengen med å legge ned skulen av økonomiske årsaker for så å låne pengar til å bygge ein ny skule (Nye Skram skule).

Innstilling til skulestruktur legg til grunn:

- ny skule i Måløy
- gradvis rehabilitering av Skavøypoll skule gjennom avsetninga i økonomiplan til kommunale bygg
- rehabilitering av Florø barneskole.

Kommunestyret har lagt til grunn investeringane i k.sak 087/24. Finansutvalet hadde saka til orientering i september (sak 022/24). Investeringsplanen legg opp til:

- ferdigstilling av Skram skule i løpet av hausten 2026
- oppstart investering på Florø barneskole 2027 med ferdigstilling våren 2028

Florø barneskole treng ny gymsal/idrettshall og bygningsmessige oppgraderingar for å sikre funksjonelt areal for elevar og tilsette. Ved å gjere desse naudsynte investeringane vil ein samstundes kunne ta imot fleire elevar ved skulen fordi elevtalet går ned.

Tilstanden på Florø barneskole og Krokane skule er ikkje tilfredsstillande. I løpet av få år må skulane oppgraderast og rehabiliterast om ein skal vidareføre drifta. Skulane er i mindre grad funksjonelle ut frå dagens pedagogiske prinsipp, og begge bygga treng ei generell oppgradering. På bakgrunn av vedtak i Oppvekst og kulturutvalet (sak 024/24) har Norconsult utarbeidd eit eige vedlegg som oppdaterer rapporten frå november 2023. Denne låg ved høyringsutkastet til temaplan for oppvekst og kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kostnadene for oppgradering av skulane er høvesvis 90 mill. kr (Krokane skule) og 191 mill. kr (Florø barneskole). Kommunedirektøren vurderer at kommunen ikkje har høve til å gjennomføre begge investeringane og tilrår at ein vidarefører drifta av Florø barneskole og avviklar drifta av Krokane skule.

Florø barneskole har ein større arealreserve til uteområde og tilleggsbygg, og ved å samle elevane ved Florø barneskole vil flest elevar få kortast veg til skulen. Elevtalsgrunnlaget i Florø sentrum er fallande. Norconsult har tilrådd moderat strukturendring i Florø sentrum og Måløy, med høvesvis nedlegging av Krokane skule og Raudeberg skule. Innstillinga til skulestruktur i kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på denne grunngjeving.

Investeringa ved Florø barneskole gjeld gymsal, oppgradering av tekniske anlegg og rehabilitering av bygget. Tilbygg er naudsynt for å innarbeide areal til grupperom, spesialrom og garderobe for elevane. Ein byggjer på tilsvarande utforming av areal som ved Skram skule. Det er sett av midlar til planlegging i 2025 og ein må gjennomføre eit forstudie som grunnlag for ei konkret investeringsavgjerd om korleis best bruke midlar til dette bygget.

Investeringskostnadene er vurdert i forhold til levetidskostnadene (LCC). På kort sikt vil rente- og avdragskostnaden gje eit utlegg, men sett over tid vil strukturendringane gje store, reduserte årlege kostnader, samanlikna med kostnadane ein ville fått ved å oppgradere alle skulebygga for å kunne halde fram med dagens skulestruktur.

Oversikt tiltak								
Teneste	Grunnressurs	Forvaltning, drift og vedlikehold	50% rektor	Auka skyssutgifter	100% SFO-leiar	Sparte framtidige investeringar	Arleg sparte rente og avdragsutt	Total innsparing
Stavang skule	1 100 000	1 005 700	700 000	0		1 000 000	75 000	2 880 700
Krøkan skule	1 100 000	3 031 180	700 000	0	800 000	87 000 000	6 525 000	12 156 180
Raudeberg skule	1 100 000	1 810 260	700 000	-255 000		6 200 000	465 000	3 820 260
	3 300 000	5 847 140	2 100 000	-255 000	800 000	94 200 000	7 065 000	18 857 140

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Om skulen sin plass i lokalsamfunnet (2016): [Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen](#): <https://issuu.com/cdundervisning/docs/lokalsamfunn-utdrag>

[litteraturgjennomgang \(2015\) Norsk senter for bygdeforskning](#):

<https://marvil.folk.ntnu.no/skoleogsmåsamfunn/wp-content/uploads/2015/12/SFTK-leveranse-22.09.15.pdf>

Færre og større skoler enn for ti år siden (2024): [Utdanningsdirektoratet si analyse](#):

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2024/farre-og-storre-skoler-enn-for-ti-ar-siden/>

[SØF-rapport nr. 04/23: Rekruttering av lærere ved norske skoler](#):

<https://www.ks.no/contentassets/3a90bcc99419421ab01c66caeb156aa1/SOF-Rapport-4-23-006-.pdf>

[Norconsult sin rapport: Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår](#):

<https://kinn.kommune.no/f/p1/ife5c6a44-f05a-4aa4-ab28-03603eec2e33/091123-omstilling-i-oppvekst-og-utdanning.pdf>

[Norconsult sin tilleggsrapport](#): [https://appublishframsikt-](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/content/data/planmetadata-595e3498-e9a0-45bf-ad52-fac5845c3ffe/0b8e4cd8-1900-4ee4-bdb3-c35c141218be.pdf)

[staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/content/data/planmetadata-595e3498-e9a0-45bf-ad52-fac5845c3ffe/0b8e4cd8-1900-4ee4-bdb3-c35c141218be.pdf](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/content/data/planmetadata-595e3498-e9a0-45bf-ad52-fac5845c3ffe/0b8e4cd8-1900-4ee4-bdb3-c35c141218be.pdf)

Skuleskyss i eit helseperspektiv (2016) [Meir skyss – mindre helse](#):

https://www.nordlandsforskning.no/sites/default/files/files/Rapport_7_2015.pdf

[Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring](#) (2022):

https://brage.inn.no/inn-xmlui/bitstream/handle/11250/2987815/Skriftserien9_22_Online.pdf?sequence=1&isAllowed=y

[Grunnloven § 104](#): https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn/KAPITTEL_5#§104

[FN sin barnekonvensjon](#):

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Forslag Høgre, foreslått av Dagrun Almenning Kvalheim, Kinn Høgre
Temaplan for oppvekst 2022-2024 er ein godt gjennomarbeidd plan som set tydelege mål for ein god oppvekst, eit inkluderande oppvekstmiljø og digitale ferdigheiter, men

også kompetanse, rekruttering og bemanning. I tillegg set planen fokus på dei demografiske utfordringane vi står overfor med minkande barnetal og behov for omstilling i oppvekstsektoren. Krav om tiltak knytt til skulestruktur vert påpeika.

Høgre meiner her framleis er moment i saka om skulestruktur som vi ønsker å avklare før vi tek ei endeleg avgjerd. Vi ber om at saka vert sendt vidare til kommunestyret utan vedtak.

Fellesframlegg AP/KrF/FrP/Rødt/SP/V, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Kulepunkt 3-5 utgår. Nytt kulepunkt 3

Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

Orientering i saka av rådgjevar Marianne Nødset og kommunalsjef Runa Nybakk.

Røysting:

Framlegg frå Høgre v/repr. Kvalheim og fellesframlegg frå AP, KrF, FrP, Raudt, SP og Venstre vert sett opp mot kvarandre. Framlegg frå Høgre v/repr. Kvalheim falt med 2 røyster frå Høgre v/repr. Kvalheim og Mortensen.

Fellesframlegg frå AP, KrF, FrP, Raudt, SP og Venstre vert sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Fellesframlegg frå AP, KrF, FrP, Raudt, SP og Venstre samrøystes vedteke.

OPKUV- 075/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskole, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2024:

Presisering frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne, foreslått av Weronica Nilsen Toftesund, Kinn Venstre

Det er enkelte krav som må innfris før Krokane skule kan nedlegges. Flora Barneskule må få plass ny gymsal, flere grupperom og være ihht krav om universell utforming. Dette er viktig for elevene som trenger tilrettelagt opplæring og som er avhengig av universell utforming, og trengs for å sikre det psykososiale miljøet til alle elever på en god måte.

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte.

Rådet drøfta saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt inkludert presiering frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

RMNF- 043/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
4. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
5. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeidd vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.

Presisering frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Det er enkelte krav som må innfris før Krokane skule kan nedlegges. Flora Barneskule må få plass ny gymsal, flere grupperom og være ihht krav om universell utforming. Dette er viktig for elevene som trenger tilrettelagt opplæring og som er avhengig av universell utforming, og trengs for å sikre det psykososiale miljøet til alle elever på en god måte.

Vedlegg i saken:

Samfunnsplan, budsjett og kommuneøkonomi - Særlig om forholdet mellom Skram og Raudeberg skoler - virkninger for elever, tettsteder og kommuneøkonomi

Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034

Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034 - Strukturtiltak i oppvekstsektoren


Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034 - FAU Nepjarhaugen barnehage

Høyringsinnspel - oppsummering

Høyringsinnspel - Foreldregruppene ved Skavøypoll barnehage

Fråsegn - offentlig høyring - Kinn - Temaplan for oppvekst 2022-2034

Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034



Saksnr.	Utal	Møtedato
044/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2024
038/24	Kinn elderråd	18.11.2024
046/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	19.11.2024
076/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024
069/24	Plan- og miljøutvalet	20.11.2024
112/24	Formannskapet	26.11.2024
	Kommunestyret	

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi

OPKUV- 076/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort 01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar* i saka.

Vedtak som innstilling frå Kinn elderråd - 18.11.2024

Eldrerådet tek saka til vitande og kjem med slik uttale til samfunnsdelen:

Eldrerådet ber administrasjonen ta god tid i skulesaka. Det er store omfattande saker på skulesida, og eldrerådet peikar på dei innkomne innspela og administrasjonen må ta dette med før konklusjon blir gjort.

Eldrerådet viser til at det er økonomien som styrer dei val som blir gjort.

Eldrerådet meiner at ein må få opp Albertatunet som planlagt slik at ein har nok plassar for dei eldre.

10-minutters byen passar ikkje for bygdene. Ein må ha levande bygder og dei eldre både vil og må få bu lengst mogleg heime og det må også vere folk i nabohusa.

Dei eldre er ein ressurs og det må vere slik at dei blir involvert i samfunnet. Dei eldre er ein verdi i seg sjølv og det må vere fokus på aktivitetar også for dei.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.11.2024

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort 01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar* i saka.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 19.11.2024

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort 01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar* i saka.

Distriktene er for lite belyst i Samfunnsdelen til kommuneplanen. HSO ber om at ein belyser betre korleis ein skal inkludere forebyggende tiltak (opp til innsatstrapp nr.3) i distrikta, slik at eldre kan trives og bu lenger heime. Dette innebær blant annet tiltak som samarbeid med Merkur butikkene/satsing på Merkur avtalen, strukturert samarbeid med frivillige, grendelag, pensjonistlag, leve hele livet ute i distriktene og gode kollektivtilbud. Vi stiller oss og spørrende til om begrepet "10 minutters byen" - og om dette bør omdefineres til " 10 minutter senter/sentrum".

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort 01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapitlet *Vurderingar* i saka.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak KOST-056/23 den 25.05.2023 [Planstrategi og planprogram for revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen i Kinn](#).

Planprogrammet er lagt til grunn for arbeidet med ny samfunnsdel.

Planutkastet vart første gang fremja for offentlig ettersyn i november 2023 – formannskapet sak 133/23. Handsaming av planen vart utsett og det vart vedteke føringar for vidare arbeid:

Handsaming av kommuneplanens samfunnsdel og planstrategi vert utsett. Før ny handsaming skal følgande innarbeidast som viktige føringar i planen: Planen skal ha som eit av sine hovudmål, samt synleggjere tiltak for å auke folketalet i kommunen i åra framover. Planen skal synleggjere kva tiltak som må gjerast for å auke tal arbeidsplassar, samt bidra til auka bustadattraktivitet og rekruttering til kommunen og næringslivet. Planen skal legge til grunn at det skal utarbeidast ein nærings- og vekststrategi for Kinn kommune. Næringssekskapa Aksello, Flora Industri- og næringsforening og Måløy Vekst, samt Byen vår Florø og Måløy Byforening vert bedt om innspel til tematikk, innhald og prosess for utarbeiding av strategien. Planen skal ta omsyn til vedtekne føringar i handsaminga av økonomiplan og handlingsprogram 2024- 2027.

Vedtaket vart følgt opp og planen vart lagt fram for vedtak om utlegging til offentlig ettersyn i sak 083/24 i kommunestyremøte den 13.06.2024. Planen finn du [her](#).

Planen har lagt ute til høyring i perioden 01.08.2024 – 30.09.2024.

Merknadane er vedlagt og kommunestyret skal ta stilling til ev. endringar i planen og kan gjere endeleg vedtak. Handlingsprogram og økonomiplan blir oppdatert med ny samfunnsdel når den er vedtatt.

Saksopplysningar:

Innspel til planen

Det har kome inn

- 7 merknader frå offentlege høyringsinstansar.
- 22 merknader frå lag og organisasjonar.
- 331 personar har signert på innbyggjarforslag om å behalde Raudeberg skule.
- 33 forslag frå privatpersonar.

Alle desse innspela er vurdert i vedlagt notat (*Innkomne merknader ved offentlig ettersyn*).

I høyringsperioden har det vert gjennomført ei innbyggjarundersøking knytt til viktige tema i planen. Det er gjennomført opne møter i Måløy og Florø, samtalegrupper i Måløy og Florø (dei som i spørjeundersøkinga melde interesse), råda som er oppnemnt i Kinn

kommune, ungdommens kommunestyre samt møte med sanitetsforeiningar.

På nettsida [Samfunnsplanen](#) er det lagt ut informasjon om desse innspela.

Kort oppsummering av hovudtema det er kome innspel på

- **Skulestruktur**
 - ikkje legge ned Krokane skule og Raudeberg skule
 - innspel til annan skulestruktur i Måløy
- ikkje legge ned Krokane skule og Raudeberg skule
- innspel til annan skulestruktur i Måløy
- **Bygd vs bygd**
 - for sterkt fokus på byane
 - planen må legge til rette for levande og livskraftige grender
 - planlegging for nedgang i elevtal fører til at spådomen går i oppfylling noko som saman med nedlegging av ein skule gjer at lokalsamfunnet ikkje er attraktivt for busetting og næringsliv
- **Konkretisering av arealstrategi**
 - «Planvask» som ein del av planstrategien
 - innføre konkret grense for vidare utbygging
 - reell arealnøytralitet
 - nei til m.a. havvindturbinar, fiskeoppdrett, hydrogenfabrikk og ammoniakkbunkring
 - Verne følgjande område ved å legge ut til Inf-område: Grønenga, Likkje Terøy, Store Terøy, øyane vest for Store Terøy, fjellsida frå flomålet mellom ytre del av Norddalsfjorden og skipsleia (Årebrotet/Seljestokken), Nærøyane, Ånnøy, Søre og Nordre Nekkøy, samt områda frå Nekkøyosen til Gunhildvågen/Flyplassen.
 - samtlege grøntareal må bestå
 - planen må ikkje legg føringar som seinare kan avgrense utnytting av dei fortrinna kystsamfunnet har inn mot eksisterande og nye næringar
 - berekraft og miljømålsettingar manglar realisme.
- **Andre innspel**
 - Fritidstilbod - Gratis hall-leige og fleire idrettsflater, Florø kulturstasjon, bystrand ved Storevatnet
 - Bustadprosjekt –samarbeid om små bueiningar med livsløpsstandard
 - Manglande involvering av innbyggjarane
 - Byggeskikk – sette krav til byggeskikk
 - Florø by -freding av det som er att av eksisterande, autentisk bygningsmasse. Strandgata som gågate. Parkar og grøntareal. Utbetre Markegata. Privatbilisme ut av sentrum. Fartsgrense 30-soner.
 - Basen i Florø – behov for utviding vs innspel om ingen utviding
 - Kinn kommune vs innbyggjarane – for lite tillit og informasjon
 - Kommunale servicepunkt og Merkur-butikkane – inn i planen
 - Ja-kommune – framskriving av folketal må vere positivt, eldre er ein ressurs, handlingsplan for utanforskap, auke inntekter, smidigare planprosessar

Vurderingar

Dei skriftlege innspela til planen er vurdert i vedlagt notat. I det vidare følgjer ei samla vurdering knytt til næring og arealstrategi, bygd versus by, skulestruktur og langsiktige utfordringar for omsorgstenestene.

Omstilling

I planperioden er det betydeleg behov for omstilling. Omstillingsbehovet er m.a. knytt til korleis kommunen driv tenesteproduksjon, korleis næringslivet tilpassar seg nye tider,

korleis vi reduserer forbruket og kulturforståing for endringar.

Dei viktigaste grepa i denne planen er *derfor knytt opp til denne utfordringa*. Vi må gjere tenestene våre gode nok innanfor dei økonomiske rammene vi har og vi må sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse. I kapittel 2.5 er det hovudmål og tiltak for korleis vi skal vere ein attraktiv kommune i omstilling.

Våren 2024 er det gjennomført ein prosess knytt til [nærings- og vekststrategi](#). Det har vore fokusert på

- Folkevekst
- Auke i tal arbeidsplassar
- Auka bustadattraktivitet
- Rekruttering

Gjennom planarbeidet har vi vist korleis vi kan jobbe for utvikle kommunen og motverke negativ folketalsutvikling.

Næring og arealstrategi

Kommuneplanen sin samfunnsdel trekk opp mål og tiltak for næringsutvikling, arealpolitikk og omstilling. Areal til konkrete formål må gjerast i arealdelen av kommuneplan der kart og føresegner vil vere juridiske bindande.

Ramma for lokal næringspolitikk er utgreidd i rapportane fra Menon «Næringslivet i Kinn», «Globale og nasjonale klimaforpliktelser – betydning for næringslivet i Kinn» og Telemarkforskning sitt bidrag. Nærings- og vekstselskapa (Måløy Vekst, Aksello, HubforOcean) har delteke i arbeidet etter vedtak i formannskapet, ref. deira medverknad til næringsstrategien.

Kinn kommune har ei lågare utvikla i arbeidsplassar enn landsgjennomsnitt (Telemarkforskning) dei 10 siste åra. Verdskapinga har endra seg meir i positiv retning. Næringslivet har høg omstillingstakt, og særleg for konkurranseutsette industriar som våre.

I stortingsmelding nr 23. (2023-24 - Perspektivmeldinga) er det peika på at kvar tiande arbeidsplass er skapt i løpet det siste året. Innretning på kommuneplanen sin samfunnsdel må fokuserer på omstilling, endring og identifisere korleis utnytte våre naturlege fortrinn for å kunne fornye oss. Arealtilgang, samarbeid om viktige utfordringar som innovasjon og rekruttering, arbeid med tilgang på kraft og politisk påverknad på sentra er viktige rammer som er trekt opp i arbeidet.

Menon har peika på at vi har eit sterkt og innovativt næringsliv, med særleg vekt på maritim sektor, petroleum, fiskeri og havbruk. *Rapporten anbefaler å satse på å utvikle eksisterande bedrifter og næringar*, men peikar også på andre næringar, t.d. reiseliv. Menon er også opptatt av moglege hindringar knytt til mangel på kraft, areal, og arbeidskraft som kan bremse utviklinga.

Menon har gitt råd om at omstillinga til «lav utslepp samfunnet» også bør skje med utgangspunkt i kommunane sine komparative fortrinn, m.a. havvind, produksjon av hydrogen. Havbruk og Fiskeri har høgt fokus på meir berekraftige løysingar. Kommunen kan spele ei rolle gjennom å ha arealreserve med areal til vidareforedling av fiskeri og havbruksprodukt, betre logistikk og havmefunksjonar, ulike nullutsleppsløysingar og ikkje minst bør ein arbeide for industriell utnytting av restråstoff (sirkulære prosessar). Sjøfart er den klart største utsleppsposten i Kinn av klimagassar (Menon). 60 prosent av utsleppa (p.g.a. stor gjennomgangstrafikk) kjem frå skipsfart. Overgang til lågsutsleppsfartøy har næringsutviklingspotensiale i seg. I dag veit vi ikkje kva næringar som vil gje oss lokal utvikling, men vi må ha beredskap, også i planverket for nye tiltak. Kostnadsutvikling og internasjonal konkurranse for «grøn industri» har gjort dei vanskelegare å realiser. Likevel må ha for auge at overgang til meir klimavennlege løysingar vil komme, sjølv om ein no har utfordringar.

Med ei stor verdiskaping og sysselsetting innan petroleum er vi sårbare for mogeleg energiomstilling til karbonfrie energikjelder, omtalt i m.a.. «Veikart for klimaomstilling 2050» og st. melding 11 2021-22 «Energi til arbeid». Derfor treng vi fleire bein å stå på. Kinn kommune er også ein stor kraftprodusent og NVE ventar forbruksvekst til m.a. elektrifisering. Arbeid for å betre nettet til Florø og Måløy er viktig.

Innbyggjarane våre er opptatt av å avgrense nytt areal til næringsutvikling slik vi ser det i merknadene til planen, i alle fall er dei opptatt av å stille prosesskrav. Fylkeskommunen og Statsforvaltar peikar også på dette. Kommunane må såleis innhente meir dokumentasjon, legge føringar og ha klarare prioriteringar. Kommunedirektøren ser at vi må ta omsyn til desse innspela.

Retningslinjer, kartfestingane og vilkår vil skje i samband med 2.gangs høyring av arealplan som vert lagt fram til handsaming på ettermiddagen.

Dette arbeidet er igangsett med ei alternativvurdering i samband med kommunedelplan. Vi må også gjennomføre ei analyse av kva gjeldande arealplanar som skal reduserast, eller sanerast slik at ein ser balanse mellom nye areal som blir teke i bruk, kontra kor ein kan finne andre meir effektiv arealbruk på område i eksisterande planar. Likevel er det kommunedirektøren si vurdering at ein må utvide areal til næringsformål. Det bør utarbeidast eigne retningslinjer eller føresegn til kommuneplanen sin arealdel som detaljer arealstrategien.

Kommunedirektøren meiner også at det vert jobba godt med innovasjonspolitik og endringsarbeid mot næringslivet. Inkubatorsatsinga i Aksello (utviklingsløp for grunnebedrifter finansiert av Kinn, Siva og Fylkeskommunen) er døme på dette. Nettverksarbeid og prosjektarbeid i Måløy Vekst/Hub for Ocean er vårt apparat for å fremje næringsutvikling, endringsarbeid og omstilling. Selskapa har vore viktig for hydrogensatsing, reiselivssatsing, nyskaping til enkeltbedrift. Slike satsingar vil gje oss eit meir variert næringsliv, styrke eksisterande bedrifter og legge grunnlag for nye. Selskap blir også viktige i høve felles løft for å rekruttere til bedriftene og offentlege behov.

Det blir derfor innarbeidd ytterlegare krav til vurderingar i prosesskrava knytt til berekraftig arealstrategi. Dette knyter seg til

- Energivurdering
- Vurdering av lokal verdiskaping
- Vurdering av finansieringsevne.

Desse kjem i tillegg til det som har vore ute på høyring; tidleg innbyggarmedverknad, naturverdivurderingar, omstilling til lågutsleppssamfunn, konsekvensar for arbeidsmarknaden (m.a. tilgang på arbeidskraft og kompetanse, direkte og indirekte arbeidsplassar), sirkulære verdikjeder.

Prosesskrav vil få sin operasjonalisering i arealplan. I innbyggjarundersøking kom det fram at 6 av 10 meinte det var rett å stille slik krav. 4 av 10 er positiv til næringsutvikling knytt til det grønne skifte.

Bygd versus by

Mange av innspela til planen peikar på at det er eit einsidig fokus på sentralisering og utvikling av byane og at det manglar satsing på bygdene.

Samfunnsplanen har mål og tiltak for levande og samskapande lokalsamfunn og ei satsing på byane.

Bygd og by er gjensidig avhengige av kvarandre og det skal vere godt å bu alle stadar i Kinn.

I kap. 1.2. Kinn mot 2032 og 2042 er det slått fast at: *Levande og samskapande lokalsamfunn er fundamentet for å leve det gode livet i Kinn:*

Vi vil at det skal vere godt å bu, besøke og drive næring i Kinn. Byane våre skal ha

urbane kvalitetar slik som handel, servering og kulturliv.

Vi ønskjer eit samfunn basert på openheit og tillit, endringsvilje og mot. Vi treng derfor innbyggjarar som kjenner seg trygge, er aktive og deltakande, og eit næringsliv som er innovativt og framoverlent. Som samfunn må vi legge tilrette for dette, mellom anna gjennom å gode møteplassar, gode kollektivtilbod og gode infrastrukturløysingar.

Saman skal vi skape levande og samskapande byar, nabolag og grender i heile Kinn.

I innbyggjarundersøkinga svarar 9 av 10 at dei er einige i at vi må utvikle byane våre og heile 98 % av dei under 30 år er einige. Nesten 6 av 10 er einige i at vi må utvikle «10-minuttbyen». Når vi spør om byane har gode møteplassar for ein som deg svarar over halvparten i aldersgruppa 18–30 år at dei er ueinige i at det finnes gode møteplassar. 2 av 3 eldre enn 70 år er einige i at byane har gode møteplassar for dei.

Det er og ei bekymring for at planen legg føringar som gjer kommunen mindre attraktiv og då spesielt for bygdene.

Forsking viser at det er forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda.

Dei overordna måla i samfunnsdelen fokuserer på desse viktige faktorane; arbeidsplassar, bustader, godt oppvekstmiljø, inkludering og møteplassar.

Samfunnsplanen har eit hovudmål knytt til distrikt og by: Saman bygger vi levande distrikt, og levande og urbane byar. I Kap. 2.3.2 er det fokus på levande og samskapande lokalsamfunn der nabolagsatsingar er peikt på som fokusområde. Kapittelet handlar ikkje berre om utvikling av byane våre men og om utvikling av alle lokalsamfunn, anten det er ei bygd, eit bygdesentrum, ein bydel eller bykjerna.

Under kapittelet Slik vil vi ha det i 2032-2042 bør det leggst til ei setning om levande distrikt: Vi har livande og samskapande nabolag og grender i heile Kinn.

Kommunen har i dag eit samarbeid med Merkur-butikkane. I det vidare arbeidet med Handlingsprogram og økonomiplan og verksemdplanar, som vert utarbeidd årleg, vil nye og /eller utviding av eksisterande tiltak vurderast.

Innspela peikar og på at kommunen må gje tenester til alle uansett kvar dei bur. Kommunen yter heimetenester i grendene og for øyane samarbeider ein i dag med familie og naboar. T.d. betener ofte familie og naboar tryggleiksalarm og anna velferdsteknologi, og dei bistår med medisiner (tillaga av heimetenesta). Nærbutikkane leverer varer og medisinar som kjem med båtane. Ikkje minst med tryggleik ved at nokon føl med om der er lys og liv i huset, og har rask responstid.

Langt dei fleste som har vore øybuarar heile livet, eller valt å busette seg i vaksen alder, er veldig klar over transportutfordringane om ein skulle bli sjuk og ha behov for tett kontakt/øyeblikkeleg hjelp frå helsevesenet.

Difor erfarer tenestene at det er eit gjennomgåande ynskje om å bu på øya så lenge den som treng hjelp kjenner tryggleik og livskvalitet. Men den dagen ein blir sjukare spelar nærleik til helsevesenet mest og dei fleste ynskjer å flytte sentrumsnært, og tryggleiken/nærleiken til rask helsehjelp betyr mest. Og det legg tenesta til rette for med fortrinnsrett for øybuar til omsorgsbustad og institusjonsplass.

Det same er tilfelle for dei som bur i grender som har lang avstand til helsevesenet og private tilbod og kanskje manglande kollektivtilbod. På eit tidspunkt er det mange som vel å etablere seg i ein mindre bueining enn den store einebustaden og då vert ofte eit sentrumsnært alternativ det som vert valt. Dette stadfestar innbyggjarundersøkinga der innbyggjarane svarer:

- 6 av 10 svarer at viss dei i framtida trenger meir hjelp heime, er dei villige til å flytte til ein tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område. Dei som vil tilby

og/eller ta imot hjelp er oftare villig til å flytte til tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område.

- byane våre treng fleire bustader som er tilrettelagt for eldre. 75 % er einige i påstanden og dess eldre ein er dess meir einig er ein. I aldersgruppa 51-60 år er heile 85% einige. Byane våre treng fleire bustader som er små, tilrettelagte leigebustadar.
- samla sett meiner 7 av 10 at byane treng fleire bustadar som er små, tilrettelagte leigebustadar. Alder viser og her eit viktig skilje mellom respondentane, der dei eldre svarer oftare heilt einig, enn dei yngre.

Innspela peikar og på at skulen er viktig for bygdene og at ei nedlegging vil gjere kommunen mindre attraktiv som igjen fører til nedgang i folketallet.

I forskinga kring nedleggingar av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø samstundes som skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Det er i skulen sine lokale lag og foreiningar har møter, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17.mai arrangerast. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman. (Sjå meir i [Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen](#))

Ved ein skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014).

Dei same bekymringane gjer seg gjeldande i innspela til samfunnsplanen.

Det er gjort ein litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling:

«Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørli mfl 2012). Grunnskole og vidaregåande skole er derimot ikke blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørli m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skulenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.»

Det er og vist til at det er manglande støtte i forskning på kva konsekvensar av nedlegging av ein skule vil ha å seie for utvikling av ei bygd. Andre forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda.

Dei overordna måla i samfunnsdelen fokuserer på desse viktige faktorane; arbeidsplassar, bustader, godt oppvekstmiljø, inkludering og møteplassar.

Kva har skjedd med folketalsutviklinga etter at Kvalheim, Våge Oppedal og Holvik skule vart nedlagt?

Kvalheim skule vart nedlagt i 2003.

Kvalh eim	19 95	19 96	19 97	19 98	19 99	20 00	20 01	20 02	20 03	20 04	20 05	20 06	20 07	20 08
0-5 år	17	14	13	10	10	10	8	15	12	9	6	10	12	14
6-18 år	29	26	32	35	35	33	34	33	31	27	27	29	28	26
19-66 år	11 2	10 7	10 5	10 1	97	98	92	99	10 1	94	93	94	89	91
67 år +	30	27	23	24	24	27	27	27	28	27	27	27	26	25
Totalt	18 8	17 4	17 3	17 0	16 6	16 8	16 1	17 4	17 2	15 7	15 3	16 0	15 5	15 6

Kvalheim	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0-5 år	18	13	12	9	9	16	17	15	15	14	10	7	6	6	6
6-18 år	22	22	19	19	19	23	24	26	27	29	28	34	37	39	38
19-66 år	98	92	97	91	91	93	94	90	89	91	89	81	79	75	78
67 år +	26	25	24	23	20	21	20	19	20	23	23	28	29	32	31
Totalt	164	152	152	142	139	153	155	150	151	157	150	150	151	152	153

Våge Oppedal skule vart nedlagt i 2003.

Våge - Oppedal	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
0-5 år	24	26	27	28	23	21	19	24	17	13	16	15	12	16
6-18 år	66	71	60	60	69	61	58	56	58	60	53	48	55	51
19-66 år	173	176	173	179	175	172	168	172	169	171	165	163	155	159
67 år +	58	59	65	64	64	62	63	58	57	54	54	54	44	40
Totalt	321	332	325	331	331	316	308	310	301	298	288	280	266	266

Våge - Oppedal	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0-5 år	14	14	16	18	22	17	22	19	14	14	15	12	12	11	11
6-18 år	46	47	49	36	40	42	43	40	41	42	44	49	42	43	47
19-66 år	155	159	163	166	161	158	153	151	152	150	143	146	146	138	135
67 år +	38	36	32	31	30	32	31	38	41	41	43	44	50	54	58
Totalt	253	256	260	251	253	249	249	248	248	247	245	251	250	246	251

Holvik skule vart nedlagd i 2018.

Holvik	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	26	26	26	24	16	18	17	25	27	33
6-19 år	83	77	76	69	65	61	59	58	61	62
20-66 år	234	223	220	214	213	204	207	209	211	212
67 år og eldre	51	54	53	55	56	57	60	61	57	62
Totalt	394	380	375	362	350	340	343	353	356	369

Som vi kan lese ut av tabellane ser vi at Kvalheim og Oppedal har eit jamt folketal 12 år etter at skulane er lagt ned. Kvalheim har i åra frå 2015 –2024 hatt ei auke i aldersgruppa 6-19 år med nær 40 prosent. Vi ser tydeleg at det vert færre i arbeidsfør alder og fleire som er 67 år og eldre. Holvik har sjølv med befolkningsnedgang ein auke i

tal born 0-5 år.

Ut frå desse døma kan ein stille spørsmål ved om det er skule og det å kunne gå til skulen som er avgjerande for om folk ønskjer å etablere seg i bygdene.

Skulestruktur

Kinn kommune treng skular som er framtidsretta, med god fysisk utforming og funksjonalitet som fremmar læring. Ved å redusere tal skular vil vi kunne tilpasse den økonomiske og pedagogiske drifta til eit lågare elevtal.

Færre og meir framtidsretta skular vil gje elevane i kommunen eit meir likeverdig undervisningstilbod. Det vil også verte lettare å rekruttere lærarar og naudsynt kompetanse i profesjonsfellesskapet.

Framlegga i økonomiplan, temaplan for oppvekst og kommuneplanen sin samfunnsdel baserer seg på nedlegging av Krokane, Stavang og Raudeberg skule. Som grunnlag for planarbeidet er det gjort ei konsekvensvurdering med omsyn til føremoner og ulemper av framlegget til ny skulestruktur, der barnets beste også er vurdert.

Fleire av høyringsinnspela knytt til skulestruktur uttrykkjer uro for framtida til lokalsamfunna der skulen er føreslått nedlagt. I vurderinga av desse innspela har vi ikkje funne tilstrekkeleg dokumentasjon på at vi taper tilflytting av nye innbyggjarar til kommunen ved å gjere endringar i skulestruktur. Det er i aktuell litteratur peika på at andre forhold som arbeidsmarknad, jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda.

Kommunedirektøren er sterkt uroa for tilbodet til elevane om vi ikkje gjer strukturendringar no. Kommunen har ikkje økonomi til å rehabilitere alle skulebygga som er i drift i dag, og ein må difor prioritere blant skulebygga. Driftssituasjonen er kritisk, og justering av grunnskuleramma til same nivå som samanlikningskommunane er særskild utfordrande. Ut i frå fleire av bygga sin forfatning er det uklårt kor lenge vi kan drive dei utan omfattande pålegg. Vi bør difor gjennomføre endringar på ein planlagt og trygg måte.

Grunnskule vil i åra som kjem få større utfordringar med å rekruttere kvalifisert personale. Det er då viktig å kunne tilby større fagmiljø der lærarane får bruke fagkompetansen sin og inngår i eit profesjonsfellesskap. Dette arbeidet blir enklare ved å gjennomføre dei føreslegne strukturtiltaka.

Endringar i skulestrukturen, i tillegg til andre omstillingstiltak innan grunnskule, er ein føresetnad for å kunne handtere det planlagde økonomiske nedtrekket. For grunnskule ligg det ein reduksjon i driftsrammene på 24 millionar pr. år når vi kjem til 2028.

I Kinn kommune har vi valt ein elevbasert budsjettfordelingsmodell for grunnskule. Denne tildeler i hovudsak ressursar til kvar skule ut i frå tal elevar. Om ein ikkje gjer strukturtiltak vil konsekvensen vere at vi anten ikkje klarar å innfri lovkravet om lærartettleik (lærarnorma) på dei store skulane, eller at der ikkje er nok midlar til å sikre forsvarleg drift av dei små skulane. Uansett vil ein då måtte tilføre sektoren friske midlar for å handtere drifta med eksisterande skulestruktur.


Langsiktige utfordringar for omsorgstenestene

Befolkningsprognosar viser at vi blir færre barn, fleire eldre og færre i arbeidsfør alder. Det betyr at om 20 år er dei som er 60 år i dag blitt 80 åringer. Vi veit ikkje om dei spreke 60 åringane har eit fortrinn som 80 åringer. Vil vi få nye generasjonar eldre som er mindre skrøpelege som dagens 80 åringer? Og vil det bety at dei held seg friskare og treng mindre hjelp? Det er mange spørsmål og usikkerheit i framskriving av helse og omsorgstenester. Dette betyr at vi jamleg må revidere både samfunnsplanen og

Temaplanen for Helse og velferd.

I tillegg har det både nasjonalt og i Kinn vert eit aukande behov for omfattande tenester til dei som er under 80 år. Dette vil mest truleg også verte tilfelle framover i tid.

Det vil vere behov for ei vesentleg styrking av pleie og omsorg grunna endring i tal eldre. Prognosen under har tatt utgangspunkt i dagens tenestetilbod, og har framskrive behov for årsverk etter det.



Uansett vil det bety at arbeidskraft og kompetanse blir ein mangelvare. Det igjen betyr at vi står ovanfor ei betydeleg omstilling, for å kunne drive velferdstenestene våre innanfor dei til tilgjengelege økonomiske rammene. Det blir tydeleg at vi ikkje kan halde fram som i dag. Talet på eldre over 80 år vil få ei kraftig auke i Kinn. Det vert også ein sterk auke i talet på menneske med demenssjukdom.

Framover vil det difor vere naudsynt med strammare tildeling av tenester. Innbyggjarane må rekne med å bu lenger i eigen heim og klare seg sjølv i mykje større grad. Ny tenestestandard strammar inn kriteria for å få teneste, og vektlegg sterkare støtte til å bu i eigen heim lengst mogeleg.

Det er ikkje negativt å gjere endringar, men det er alltid ein utfordring å slutte med noko, og det vil vere viktig å ha eit alternativ som kan vere ein god erstatning. Difor er det viktig å komme raskt i gang med endringsarbeid.

I tillegg må vi jobbe tverrfagleg i det helsefremjande, førebyggjande og inkluderande arbeidet. Dette endringsarbeidet er ikkje noko Helse og velferd kan klare aleine, dette er ein jobb for heile Kinn kommune. Vi må finn nye og smartare måtar å jobbe saman på. Berekraftige tenester i framtida krev stor grad av samskaping mellom innbyggjarar, kommunen og andre samfunnsaktørar. Det blir naudsynt å sette fokus på at framtida si eldreomsorg er basert på at innbyggjarane i større grad sjølv må bidra med eigne ressursar, førebuingar og tilpassingar for ein god alderdom.

Det er mange som bur på øyane eller i grender som har lang avstand til helsevesenet og private tilbod og kanskje manglande kollektivtilbod. Vi ser at mange av innbyggjarane på eit tidspunkt vel å etablere seg i ein mindre buening enn den store einebustaden. Dei vel då ofte å flytte sentrumsnært. Dette stadfestar innbyggjarundersøkinga der innbyggjarane svarer:



- 6 av 10 svarer at viss dei i framtida trenger meir hjelp heime, er dei villige til å

flytte til ein tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område. Dei som vil tilby og/eller ta imot hjelp er oftare villig til å flytte til tilrettelagt bustad i eit sentrumsnært område.

- byane våre treng fleire bustader som er tilrettelagt for eldre. 75 % er einige i påstanden og dess eldre ein er dess meir einig er ein. I aldersgruppa 51-60 år er heile 85% einige. Byane våre treng fleire bustader som er små, tilrettelagte leigebustadar.
- samla sett meiner 7 av 10 at byane treng fleire bustadar som er små, tilrettelagte leigebustadar. Alder viser og her eit viktig skilje mellom respondentane, der dei eldre svarer oftare heilt einig, enn dei yngre.

For tilbodet til eldre ønskjer vi også å prioritere bustader og institusjonar for å tilpasse «10 minuttars byen». Det viktigaste prosjektet er bygging av ny institusjon i Florø sentrum, som samlokaliserer helse- og omsorgstilboda i denne delen av kommunen. Her byggjer vi også ein fleirfagleg arena som er ein av dei viktigaste faktorane for rekruttering.

Allereie i 2036-2037 vil det ut frå ei lågare dekningsgrad enn i dag verte behov for å bygge nye døgnplassar i Florø. I Måløy vil tilsvarande behov komme rundt år 2042. Det er difor lagt inn ei planlagt investering i 50 døgnplassar i Florø fram i tid.



Oppsummering av endringar

1. Nytt punkt 13 i arealstrategien: Hamner og næringsareal med sjøtilgang skal ha god tilknytning til infrastruktur på land.
2. Punkt 4 får endra formulering frå bør til skal. Utbygging av strandsona *skal* skje mest mogleg konsentrert.
3. Planstrategien vert oppdatert med årleg revisjon av overordna beredskapsplan.
4. Planstrategien vert oppdatert med revisjon av heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse i 2027.
5. I planstrategien blir temaplan for klima, berekraft og miljø tatt ut.
6. I planstrategien blir følgande tatt inn: Det blir utarbeidd kunnskapsgrunnlag for klima, berekraft og miljø som grunnlag for ny planstrategi.
7. I planstrategien blir følgjande tatt inn: Ved revisjon av kommunedelplanar skal ein vurdere om reguleringsplanar innanfor planområdet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.
8. I planstrategien blir Strategisk handlingsplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Følgande tekst blir lagt til delmålet om effektiv drift av formålsbygg; Vi har ei berekraftig forvaltning av bygningsmassen, slik at verdien av bygga blir oppretthalde.
9. Under kapitlet Slik vil vi ha det i 2032-2042 vert det lagt til ei setning om levande distrikt: Vi har livande og samskapande nabolag og grender i heile Kinn.
10. Kap. 2.6 vert oppdatert med nye tal for økonomisk omstilling i tråd med vedteken økonomiplan og prognosar for omstilling.
11. Eigenberedskap

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) tilrår no at flest mogleg er førebudd på å klare seg sjølv i ei veke. (Endring frå 3 dagar). Forklaringa til delmålet *Vi skal vere ein pådrivar for at innbyggjarane sikrar eigen eigedom og har beredskap for uønskte hendingar.* vert endra i tråd med ny tilråding frå DSB.

Ny tekst: Vi skal

- arbeide kontinuerleg med å gje råd til innbyggjarar om eigenberedskap og kva forventningar norske myndigheiter har til dei både når det gjeld sikring av seg sjølv (klare seg sjølv i 7 dagar) og eigedom
- etablere lager med sandsekkar for å gjere innbyggjarar i betre stand til å sikre eigedomane sine mot flaum
- arbeide målretta med sårbare/risikoutsette grupper i samfunnet for å syte for at også desse er betre rusta i møte med uønskte hendingar.

12. Til målet; *Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserer og sikrar lokal verdiskaping og utvikling.* Blir det lagt til følgande setning: Kinn kommune arbeider for å nå dei nasjonale klimamåla om å redusere klimagassar med 50% innan 2030. Følgande tekst blir lagt til omtalen:

- Noregs klimamål for 2030 om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 pst. innan 2030, samanlikna med 1990.
- Noreg har i lov om klimamål (klimaloven) lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Klimaloven slår fast at målet skal vere at klimagassutsleppa blir reduserte i storleiksorden 90–95 pst. jamført med utsleppsnivået i referanseåret 1990.

1. Til målet: *Vi har ein berekraftig arealstrategi* blir det lagt til tre nye punkt under oppdraget med utarbeiding av prosesskrav: - lokal verdiskaping, energivurdering og finansieringsevne.
14. Til delmålet; *vi er nøysame og vurderer bruk av areal* blir følgande setning lagt til: Kinn kommune er positiv til å inngå i prosessar som handlar om vern og sikring av naturressursar.
15. Det vert lagt inn tekst og økonomiplan tiltak i tråd med følgjande skulestrukturtiltak:
 - Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule.
 - Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule.
 - Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane.
16. Oppdraget «*Vi skal ta stilling til ev. skulestrukturtiltak som kan sikre ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.*» vert endra til :Vi gjennomfører skulestrukturtiltak som sikrar ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.

Økonomiske konsekvensar:

Det vert vist til eige kapittel i planen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan- og bygningsloven

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 19.11.2024:

Forslag fra SP, AP og H, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti

Distriktene er for lite belyst i Samfunnsdelen til kommuneplanen.

HSO ber om at ein belyser betre korleis ein skal inkludere forebyggjande tiltak (opp til innsatstrapp nr.3) i distrikta, slik at eldre kan trives og bu lenger heime. Dette innebær blant annet tiltak som samarbeid med Merkur butikkene/satsing på Merkur avtalen, strukturert samarbeid med frivillige, grendelag, pensjonistlag, leve hele livet ute i distriktene og gode kollektivtilbud. Vi stiller oss og spørrende til om begrepet "10 minutters byen" - og om dette bør omdefineres til " 10 minutter senter/sentrum".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå SP, AP og Høgre samrøystes vedteke.

HSOUV- 046/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15,

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort

01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar* i saka.

Distriktene er for lite belyst i Samfunnsdelen til kommuneplanen.

HSO ber om at ein belyser betre korleis ein skal inkludere forebyggende tiltak (opp til innsatstrapp nr.3) i distrikta, slik at eldre kan trives og bu lenger heime. Dette innebær blant annet tiltak som samarbeid med Merkur butikkene/satsing på Merkur avtalen, strukturert samarbeid med frivillige, grendelag, pensjonistlag, leve hele livet ute i distriktene og gode kollektivtilbud. Vi stiller oss og spørrende til om begrepet "10 minutters byen" - og om dette bør omdefineres til " 10 minutter senter/sentrum".

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Orientering med bakgrunn i spørsmål:

- Bygd vs by, og "10 minutters byen" v/kommunalsjef Rolf Bjarne Sund.
- Kommuneplanen sin arealdel - Klimatiltak, havvind og nedbygging av natur v/kommunalsjef Rolf Bjarne Sund.
- Areal og planstrategien, der innspel i høyringar er innarbeidd v/Rådgjevar Margit Drivenes Kløvfjell
- Utenforskap og inkludering

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 076/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort 01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar* i saka.

Behandling i Kinn eldreråd 18.11.2024:

Felles uttale frå Eldrerådet, foreslått av Solbjørg Myrhaug Teige, Kinn Høgre

Eldrerådet tek saka til vitande og kjem med slik uttale til samfunnsdelen:

Eldrerådet ber administrasjonen ta god tid i skulesaka. Det er store omfattande saker på skulesida, og eldrerådet peikar på dei innkomne innspela og administrasjonen må ta dette med før konklusjon blir gjort.

Eldrerådet viser til at det er økonomien som styrer dei val som blir gjort.

Eldrerådet meiner at ein må få opp Albertatunet som planlagt slik at ein har nok plassar for dei eldre.

10-minutters byen passar ikkje for bygdene. Ein må ha levande bygder og dei eldre både vil og må få bu lengst mogleg heime og det må også vere folk i nabohusa.

Dei eldre er ein ressurs og det må vere slik at dei blir involvert i samfunnet. Dei eldre er ein verdi i seg sjølv og det må vere fokus på aktivitetar også for dei.

Røysting:

Felles framlegg frå Eldrerådet samrøystes vedteke.

KIEL- 038/24 Vedtak:

Eldrerådet tek saka til vitande og kjem med slik uttale til samfunnsdelen:

Eldrerådet ber administrasjonen ta god tid i skulesaka. Det er store omfattande saker på skulesida, og eldrerådet peikar på dei innkomne innspela og administrasjonen må ta dette med før konklusjon blir gjort.

Eldrerådet viser til at det er økonomien som styrer dei val som blir gjort.

Eldrerådet meiner at ein må få opp Albertatunet som planlagt slik at ein har nok plassar

for dei eldre.

10-minutters byen passar ikkje for bygdene. Ein må ha levande bygder og dei eldre både vil og må få bu lengst mogleg heime og det må også vere folk i nabohusa.

Dei eldre er ein ressurs og det må vere slik at dei blir involvert i samfunnet. Dei eldre er ein verdi i seg sjølv og det må vere fokus på aktivitetar også for dei.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2024:

Innspel til samfunnsdelen innsendt av Weroica Nilsen Toftesund er ikkje nemnt i saken. Administrasjonen vil sørge for at saksdokumentet vert retta opp før handsaming i formannskap og kommunestyre.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

RMNF- 044/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-15, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi kunngjort 01.08.2024 i medhald av pbl §10-1 og § 11-14 med endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar* i saka.

Vedlegg i saken:

Opprop - Jeg vil beholde Raudeberg skule - liste med underskrifter

Innspel til samfunnsplan, budsjett og kommuneøkonomi - Særlig om forholdet mellom

Skram og Raudeberg skoler - virkninger for elever, tettsteder og kommuneøkonomi

Fråsegn til høyring og offentlig ettersyn - samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-

2036 og planstrategi - Vestland fylkeskommune

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - oppheving av eldre

reguleringsplaner-Florelandet-Brandsøy

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - oppheving av eldre

reguleringsplaner-Florelandet-Brandsøy - Breivika båthavn

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - bustader og bustadmarknaden/sosialt

felleskap/teknologi og digitalisering

Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 og planstrategi for

Kinn kommune - Mineralførekomst

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - havvindutbygging og

nedbygging av skjergarden i Florø

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan -

medbestemmelse/fritidstilbod/industri/utdanning/Strandgata

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - Sosialentreprenører Vestland

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - Stavøy grendelag

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - Måløy Vekst As

Måløy Vekst As - Høyringsutspill Samfunnsplan Kinn Kommune 30.09.24.pdf

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - Fjord Base Gruppen

Fjord Base Gruppen - Høyringsfråsegn samfunnsdel til kommuneplanen i Kinn.pdf

Høyringsuttale - innspel til kommunens samfunnsplan - Flora historielag

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Tua/Gaddevegen - støy frå industri

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Raudeberg skule

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Krokane skule

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Svanøy grendelag

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024_2036 i Kinn.pdf

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel.docx

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av

skjergarden i Florø
 Brev til kommune, utbygging av skjergard.odt
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Kvalheim grendelag
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - utbygging av skjergard.odt
 Høyringsinnspel - Foreldregruppene ved Skavøypoll barnehage
 Høyringsinnspel til framlegg til kommuneplan - sentrumsutvikling og ivaretaking av den nasjonale historiske sildebyen Florø
 Høyringsinnspel - samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 - Florø Bulystforening og Naturvernforbundet
 Innspill til samfunnsdelen - grunnleggende tilbud for etablering
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - attraktiv kommune å besøke, bu og drive næring i
 Innspill til samfunnsdelen til kommuneplanen 2024.docx
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - delmål 1, 2 og 3: reisemål, næringsliv og distrikt/by
 Høyringsinnspel.docx
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - skulestruktur og nedleggjing av grendaskular
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - butikkane på øyane og i Stavang
 2024.09.30 Innspelspunkt samfunnsdelen av kommuneplanen
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - nedlegging av Raudeberg skule
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Kinn idrettsråd
 Innspill til kommuneplan samfunnsdel kinn idrettsråd
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø
 Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - havvindutbygging og nedbygging av

skjergarden i Florø

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - unngå bygging og fritidseigedomar i LNF områda

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - busetting og levering av tenester i heile kommunen

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - 10 minuttvisjon

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Krokane bysenter

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Raudeberg skule

Kinn - høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 - planstrategi 2024-2027

Fråsegn til planprogram - Kinn - kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi.pdf

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - Raudeberg skule

Høyringsuttale - innspill til samfunnsplanen - muligheter i sjøareal

Kinn Kommune - kommentarer av 22.09.2024 til samfunnsplanen

Innspel til Samfunnsplanen på vegne av Florø hamn KF

Innspill til ny Samfunnsplan Kinn kommune - Bystrand ved Storevatnet

Høyringsuttale - Florø kulturstasjon

Kinn musikkråd Aktivitet i stasjonen.pdf

Fråsegn ved offentlig ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 og planstrategi for Kinn kommune - Vestland fylke


Svar - samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 og planstrategi for Kinn Kommune

NVEs uttale til offentlig høyring av Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 og

innspel til planstrategi 2024-2027 - Kinn kommune

Innkomne merknader ved offentlig ettersyn

Innkomne merknader ved offentlig ettersyn



Saksnr.	Utval	Møtedato
039/24	Kinn eldreråd	18.11.2024
045/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2024
047/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	19.11.2024
077/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024
068/24	Plan- og miljøutvalet	20.11.2024
022/24	Ungdommens kommunestyre i Kinn	20.11.2024

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028, innspel frå utval og råd

OPKUV- 077/24 Vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.11.2024

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 18.11.2024

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Eldrerådet ser med uro på det som økonomiplan og handlingsprogram legg opp til.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 19.11.2024

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren overleverte sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 for Kinn kommune til Kinn formannskap i møte den 5. november.

Vidare framdrift i formannskap og kommunestyre:

- Kinn formannskap vedtar sitt framlegg til økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 for Kinn kommune i møte 26. november.
- Kinn formannskap sitt framlegg vert lagt ut for offentlig ettersyn i 14 dagar.
- Kinn kommunestyre gjer endeleg vedtak om økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 for Kinn kommune i møte 16. desember.

I tråd med kommunen sitt økonomireglement skal kommunedirektøren sitt utkast leggst fram for hovudutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet (AMU), tilsette sine organisasjonar, eldrerådet, ungdommen sitt kommunestyre og rådet for menneske med

nedsett funksjonsevne til uttale.

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert gått gjennom i møta til utvala, råd og styre. Innspela går vidare til formannskapet.

Kommunedirektøren sitt utkast finn ein her:

[Handlingsprogram og økonomiplan 2025-2028](#)

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Behandling i Ungdommens kommunestyre i Kinn 20.11.2024:

Prosjektleiar Margit Drivenes Kløvfjell orienterte om Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028.

Ungdommens kommunestyre ber om at unge ikkje vert nedprioritert i budsjettprosessen. Det er viktig at barn og unge får gode tilbod og då spesielt innan helse. Helsesjukepleiar er viktig i skulen.

Ungdommens kommunestyre ønsker å bli tatt meir med på råd i strukturprosessane til skulane.

UK- 022/24 Vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande, med følgande tillegg:

Ungdommens kommunestyre ber om at unge ikkje vert nedprioritert i budsjettprosessen. Det er viktig at barn og unge får gode tilbod og då spesielt innan helse. Helsesjukepleiar er viktig i skulen.

Ungdommens kommunestyre ønsker å bli tatt meir med på råd i strukturprosessane til skulane.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 19.11.2024:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 047/24 Vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Orientering om ansvarsområda barnehage, grunnskule, helsestasjon og barnevernteneste v/kommunalsjef Runa Nybakk.

Orienteringa gjennomført før sak 075/24 vart handsama.

Orientering om ansvarsområde innan kultur, fritid og kyrkje v/kommunalsjef Rolf Bjarne Sund.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 077/24 Vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Behandling i Kinn eldreråd 18.11.2024:

Felles uttale frå Eldrerådet, foreslått av Solbjørg Myrhaug Teige, Kinn Høgre
Eldrerådet ser med uro på det som økonomiplan og handlingsprogram legg opp til.

Felles orientering saman med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, frå kommunalsjef Norunn Stavø. Kommunalsjefen gjennomgår Handlingsprogram og økonomiplan 2025-2028 for kommunehelse, pleie og omsorg, framlagt i Framsikt, samt svarar på spørsmål frå råda.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Felles framlegg frå Eldrerådet samrøystes vedteke.

KIEL- 039/24 Vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Eldrerådet ser med uro på det som økonomiplan og handlingsprogram legg opp til.

**Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
18.11.2024:**

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

RMNF- 045/24 Vedtak:

Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 er teke til vitande.

Vedlegg i saken:

Endring i gebyrsatsar



Saksnr.	Utval	Møtedato
078/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024

Spørsmål/Interpellasjoner

OPKUV- 078/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Overføring av elever fra Vestre Hyen til Eikefjord, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Jeg har registrert at Gloppen kommune nettopp har hatt sak om å flytte ungdomstrinnet fra Hyen til Sandane, der elever som bor i Vestre Hyen (Solheimsområdet) kan gå i Eikefjord om en får til en avtale med Kinn kommune. Er det kom en henvendelse om dette?

Svar frå kommunalsjef Runa Nybakk:

Kinn kommune har ikkje motteke noko formell henvendig frå Gloppen kommune om dette, men det har vore drøfta på administrativt nivå.

OPKUV- 078/24 Vedtak:

Ingen vedtak.